



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 16

(2005–2006)

Om samarbeidet i NATO i 2005



Innhald

1	Samandrag	5		Vedlegg		
2	Transatlantisk samkvem og samarbeid med andre organisasjonar	7	1	Pressemelding, Vilnius, 21. april 2005		
2.1	USA og Europa	7		Møte i NATO/Ukraina-kommisjonen – Styrking av samarbeidet mellom NATO og Ukraina: Tiltak på kort sikt		20
2.2	Samarbeidet mellom NATO og EU ..	7	2	Sluttkommuniké, Brussel, 9. juni 2005		
2.3	Samarbeidet med andre internasjonale organisasjonar	8		Ministtermøte i Forsvarsplanleggingskomiteen og Kjernefysisk planleggingsgruppe		23
3	NATO-operasjonar	9	3	Sluttkommuniké, Brussel, 9. juni 2005		
3.1	Afghanistan	9		Møte i Nordatlantisk råd ved forsvarsministrane		25
3.2	Balkan	10	4	Fråsegn, Brussel, 9. juni 2005		
3.2.1	Kosovo	10		Møte i NATO/Russland-rådet på forsvarsministernivå		28
3.2.2	Bosnia-Hercegovina	10		Fråsegn, Brussel, 9. juni 2005		
3.3	Irak	11	5	Møte i NATO/Ukraina-kommisjonen ved forsvarsministrane		30
3.4	NATO-operasjonen i Middelhavet	11	6	Oppsummering ved formannen etter møtet mellom forsvarsministrane i Euroatlantisk partnerskapsråd, Brussel, 10. juni 2005		32
3.5	Sudan	11		Sluttkommuniké, Brussel, 8. desember 2005		
3.6	NATO som humanitær aktør	12		Ministtermøte i Nordatlantisk råd i NATO-hovudkvarteret		33
4	Partnarsamarbeidet	13	8	Fellesfråsegn, Brussel, 8. desember 2005		
4.1	Russland	13		NATO/Ukraina-kommisjonen på utanriksministernivå		36
4.2	Ukraina	14	9	Oppsummering ved formannen etter møtet mellom utanriksministrane i Euroatlantisk partnerskapsråd, Brussel, 8. desember 2005		37
4.3	Euroatlantisk partnerskapsråd (EAPC)	14		Fråsegn, Brussel, 8. desember 2005		
4.4	Middelhavslanda og Midtausten	15	10	Møte i NATO/Russland-rådet på utanriksministernivå		38
4.5	Kontaktland	16				
5	Militær omforming av alliansen ..	17				
6	Vurderingar og framtidsperspektiv	18				



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 16

(2005–2006)

Om samarbeidet i NATO i 2005

*Tilråding frå Utenriksdepartementet av 5. mai 2006,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Samandrag

Det transatlantiske samarbeidet i NATO gjennomgjekk ei klar betring i 2005. Under det uformelle toppmøtet i Brussel 22. februar vart det lagt for dagen brei politisk vilje til å betre atmosfæren i det transatlantiske samkvemmet og til å styrkje samarbeidet både i politiske og militære spørsmål innanfor NATO. Under toppmøtet gav president Bush klare signal i den lei, noko som også spegla eit sterkt ønske hos dei europeiske allierte. Denne politiske viljen frå begge sider av Atlanteren kom til å prege arbeidet i NATO gjennom heile 2005. Frå amerikansk side vart det ført ein aktiv NATO-politikk. Ei rekkje nye og til dels vidtrekkande initiativ blei lagde fram både frå amerikansk og europeisk side.

Samarbeidet mellom NATO og EU var framleis fastlåst og avgrensa i heile 2005. Utvidinga av EU førte til tyrkisk motstand mot formelle møte med deltaking frå kypriotisk side. Samtidig ønskte nokre tonegeivande allierte EU-land å avgrense samarbeidet mellom dei to organisasjonane. Siktemålet til desse landa var å byggje ut den sjølvstendige rolla til EU og å avgrense den amerikanske innverknaden på europeisk politikk. Ein makta difor ikkje å utvikle den strategiske partnerskapen mellom NATO og EU, som Noreg og eit fleirtal av dei allierte meiner er viktig. Eit gledeleg trekk i året som gjekk, var etableringa av ei permanent

militær liaisonordning mellom dei to organisasjonane.

Derimot har samarbeidet med andre organisasjonar utvikla seg positivt. Ved å støtte Den afrikanske unionen (AU) i operasjonen i Sudan (AMIS) har NATO innleidd eit samarbeid med AU. NATO-innsatsen i Darfur og etter jordskjelvet i Pakistan har òg medverka til eit nærare operasjonelt samarbeid med FN og fleire av særorganane i FN.

Året 2005 vart spesielt krevjande på operasjonssida. Alliansen heldt fram med å byggje ut stabiliseringsoperasjonen i Afghanistan (ISAF), og vidareførte operasjonen i Kosovo (KFOR), treningsmisjonen i Irak (NTM-I) og den maritime overvakingsoperasjonen i Middelhavet (OAE). Parallelt med dette vedtok NATO å gå inn i to nye operasjonar i tillegg til den kortvarige støtta til USA i samband med orkanen Katrina. Etter oppmoding frå pakistanske styresmakter og FN tok alliansen del i det humanitære bistandsarbeidet etter jordskjelvkatastrofen som råka Pakistan i oktober. Etter oppmoding frå FN og AU sette NATO i samarbeid med EU i verk transport- og opplæringsstøtte til AMIS-operasjonen i Darfur. Både politisk og økonomisk støtta Noreg aktivt opp om NATO-innsatsen i den humanitære operasjonen i Pakistan og i AU-operasjonen i Darfur. Frå norsk side vart det lagt avgjerande vekt på at NATO-innsatsen i Pakistan måtte føre til meirverdi

og ikkje skape eit konkurranseforhold til andre internasjonale aktørar.

Semja som vart oppnådd på utanriksministermøtet 7. og 8. desember 2005 om å opne for utvida NATO-nærvær i den sørlege og seinare den austlege delen av Afghanistan, stilte NATO overfor ei stor utfordring både tryggingmessig og ressursmessig. Vedtaket inneber at ISAF-operasjonen i løpet av sommaren 2006 blir utvida frå ca. 9 000 til 16 000 soldatar. I alliansevedtaket låg det òg ei semje om å ta på seg utvida oppgåver i samband med opplæring av hæren og politiet i Afghanistan og om auka deltaking i kampen mot narkotikavundet. Samtidig som alliansen vedtok å gå inn på meir utfordrande område tryggingmessig sett, vart den generelle tryggingssituasjonen i Afghanistan verre. Talet på sjølvmondsaksjonar og andre angrep auka gjennom året. I februar 2006 gjekk væpna demonstrantar til angrep på den norsk-finske leiren i byen Meymaneh i det nordvestlege Afghanistan, og fleire norske soldatar vart såra.

Utviklinga i samarbeidet mellom NATO og Russland gjekk sakte i 2005. Den politiske dialogen var framleis vanskeleg. I det praktiske samarbeidet var det derimot viktige lyspunkt. Det vart til dømes vedteke at NATO og Russland skal samarbeide om eit pilotprosjekt for kamp mot narkotika i Sentral-Asia og Afghanistan. Noreg er ein av dei største bidragsytarane til prosjektet, som etter planen skal komme i gang i 2006. Etter russisk initiativ vart utanriksministrane frå Russland og NATO-landa 8. desember einige om å sjå nærare på samarbeidet i NATO/Russland-rådet (NRC) med sikte på å gjere opp status og stake ut kursen vidare.

Samarbeidet mellom NATO og Ukraina utvikla seg vesentleg etter regimeskiftet i landet i byrjinga av 2005. Allereie våren 2005 vart det sett i gang ein

såkalla intensivert dialog med Ukraina. Dei noverande ukrainske styresmaktene ønskjer seg deltaking i det medlemskapsførebuande programmet (*Membership Action Plan – MAP*) i 2006 og full medlemskap i 2008. Frå NATO-hald blei det understreka at eit klart vilkår for MAP-status og seinare medlemskap vil vere at Ukraina gjennomfører tilstrekkelege politiske, økonomiske og forsvarsmessige reformer.

Samarbeidet mellom NATO og partnerlanda utvikla seg mykje i løpet av året. Ikkje minst gjaldt dette samarbeidet med land i Middelhavsregionen og i Midtausten. I 2005 omfatta partnarsamarbeidet praktisk samvirke og politisk dialog med meir enn 30 ikkje-allierte statar. Fleire partnerar ytte dessutan viktige bidrag til NATO-operasjonar. Auken i talet på partnerland, meir varierende behov hos partnerane og eit stadig sterkare ønske blant dei allierte om å vidareutvikle samarbeidet, førte til at det i 2005 gradvis vart fokusert meir på korleis partnarskapsordningane kan gjerast meir formålstenlege. Utviklinga i samarbeidet med partnerlanda og andre samarbeidsland vil difor bli ei hovudsak i tida framover.

Arbeidet med å omforme dei militære evnene slik at NATO kan bli betre skikka til å møte nye trygging utfordringar, heldt fram i 2005. Det knytte seg stor interesse til hurtigreaksjonsstyrken (*NATO Response Force – NRF*), som er venta å nå full operativ kapasitet hausten 2006. Arbeidet med å sikre tilstrekkelege styrkebidrag både til NRF og til NATO-operasjonane elles var ei stor utfordring for Alliansen også i fjor. Som følgje av dei aukande problema med å skaffe fram viktige militære styrkekomponentar kom spørsmålet om endra finansieringsformer stadig meir i fokus i løpet av fjoråret.

2 Transatlantisk samkvem og samarbeid med andre organisasjonar

2.1 USA og Europa

Det uformelle toppmøtet i Brussel 22. februar 2005 stadfeste den transatlantiske verdi- og interessefellesskapen i alliansen. I tråd med dei forsikringane president George W. Bush gav på toppmøtet, viste USA i 2005 auka vilje til å bruke NATO som dialogforum og ramme for internasjonale operasjonar og tryggingsspolitisk samarbeid. Desse forsikringane blei positivt mottekne av dei europeiske allianselanda. Dette har skapt ny vitalitet i NATO-arbeidet og vore sterkt medverkande til å hjelpe alliansen gjennom ein vanskeleg og til dels konfliktprega periode etter invasjonen av Irak. Støtta frå NATO etter orkanen Katrina i september vart høgt verdsett av USA trass i det avgrensa omfanget.

Til grunn for den amerikanske NATO-politikken låg eit ønske om å utvikle alliansen til eit tryggingsspolitisk instrument til støtte for amerikanske utanriks- og tryggingsspolitiske prioriteringar. USA tok til orde for å vidareutvikle NATO som arena for politisk dialog og operativt samarbeid, også med ikkje-medlemsland. USA ønskte dessutan å utvide spekteret av operasjonar og oppgåver som alliansen kan ta på seg i ulike delar av verda. Sentralt i dette stod etter kvart tankar om forsterka innsats i samband med trening og opplæring av dei militære styrkane i partnarstatane.

Dei amerikanske ambisjonane vekte ulike reaksjonar på europeisk hald. Mens dei fleste allierte delte ønsket om ein breiare politisk dialog i alliansen, var nokre europeiske allierte meir skeptiske. Dei la vekt på at NATO primært må vere ein militær organisasjon med eit regionalt mandat. Dei ønskte ikkje at alliansen skulle ha ei politisk rolle å snakke om eller engasjere seg operasjonelt på så breitt grunnlag som USA tok til orde for. Dette synet sprang m.a. ut frå eit ønske om å styrkje EU som internasjonal aktør, også i handteringa av tryggingsspolitiske utfordringar utanfor Europa. Frankrike var den fremste talsmannen for dette, støtta i ulik grad av land som Belgia og Tyskland.

Semja som dei allierte kom fram til på toppmøtet i Istanbul i 2004 om ei NATO-treningsrolle i Irak, medverka til å skuve dei sterke motsetnin-

gane etter den amerikanskledde invasjonen av Irak til side. Samtidig var USA og mange av dei allierte grunnleggjande usamde i sentrale spørsmål, mellom anna kor viktig FN og folkeretten skulle vere som grunnlag for militær maktbruk. Ulike syn på kor vidt militær makt burde og kunne brukast for å løyse nye tryggingssutfordringar, gjorde seg gjeldande i ei rekkje saker i løpet av året. Dette illustrerer at NATO-samarbeidet er gått inn i ein ny fase der ein må rekne med meir usemje og debatt mellom dei allierte enn det som har vore vanleg.

Signala frå USA om vilje til å auke bidraga til NRF og til NATO-operasjonar elles, blei godt mottekne på europeisk side, der slike signal vart oppfatta som uttrykk for eit ønske om å prioritere NATO.

Noreg har lagt stor vekt på eit godt transatlantisk samarbeid og eit sterkt amerikansk engasjement i NATO. Frå norsk side vart det understreka at NATO må brukast både som politisk forum og som effektivt militært instrument, samtidig som ein oppmoda andre allierte til å unngå å byggje ut konkurrerande strukturar eller å søkje løysingar utanfor alliansen. For Noreg har det særleg vore viktig å arbeide for å bevare NATO som det sentrale konsultasjonsforumet i spørsmål som rører ved tryggleiken til dei allierte.

2.2 Samarbeidet mellom NATO og EU

Dialogen mellom NATO og EU var i 2005 avgrensa til uregelmessige møte etter dei såkalla «Berlin Pluss»-ordningane, med informasjonsutveksling om tilhøve ved NATO- og EU-engasjementet i Bosnia-Hercegovina og tekniske konsultasjonar om utvikling av militære kapasitetar. Det lukkast ikkje å få i stand regelmessige diskusjonar om terrorisme eller andre felles utfordringar. Sjølv der ein arbeidde side om side, til dømes når det gjaldt å yte støtte til AU-operasjonen i Darfur (AMIS), var samarbeidet lite ope og prega av mangel på samkøring.

NATO og EU vart i oktober 2005 samde om å etablere permanente militære liaisonordningar mellom dei to organisasjonane. Desse kom i

hovedsak til å omfatte ei EU-celle ved det militære NATO-hovudkvarteret (SHAPE) og ein permanent NATO-liaison ved militærstaben i EU (EUMS). Ein nordmann blei den første offiseren frå eit land utanfor EU til å gjere teneste i det permanente NATO-liaisonelementet ved EUMS.

Den tidlegare tyske utanriksministeren Joschka Fischer føreslo i 2004 at ein skulle halde uformelle møte mellom utanriksministrane i NATO og EU. Dei to møta som vart arrangerte i 2005, forresten også med sveitsisk deltaking, viste seg å vere nyttige for å drøfte dagsaktuelle saker. Det har derimot ikkje lukkast å få i stand tilsvarande uformelle møte på andre nivå.

Frå norsk side vart det lagt vekt på at eit godt samarbeid mellom NATO og EU er viktig både for tryggleiken i Europa og for den samla evna hos dei allierte til å støtte opp om fred og stabilitet utanfor det europeiske kontinentet. Difor var det skuffande å sjå at det trass i store felles utfordringar – mellom anna i Ukraina, Darfur og Kosovo – ikkje lukkast å få til ein breiare politisk dialog og eit nærare samarbeid mellom dei to organisasjonane.

Det var fleire årsaker til at NATO/EU-samarbeidet ikkje utvikla seg slik mange hadde håpa. Mens Noreg og dei fleste andre allierte understreka at det var viktig å få i stand brei dialog og forpliktande samarbeid mellom dei to organisasjonane, ønskte eit fåtal tonegevendende EU-land å avgrense samarbeidet, for det første av omsyn til dei tryggingspolitiske ambisjonane i EU og for å sikre vedtaksautonomien i organisasjonen, for det andre for å redusere den amerikanske innverknaden på europeisk tryggingsspolitikk. I tillegg hadde forholdet mellom Tyrkia og EU framleis konsekvensar for samarbeidet mellom NATO og EU, trass i at Tyrkia den 3. oktober 2005 innleidde forhandlingar om medlemskap med EU. Året igjennom sette Tyrkia seg imot formelle møte med Kypros og Malta representerte.

EU sine vedtak i 2004 om å etablere eigne innsatsstyrkar og å innleie eit tettare samarbeid om forsvarsmateriell, var klare uttrykk for europeiske tryggingss- og forsvarspolitiske ambisjonar og for eit ønske om å byggje opp ein kapasitet som er uavhengig av støtte frå NATO. Innsatsstyrkane er dessutan viktige for at EU skal kunne støtte FN militært i krisehandteringsoperasjonar. Ønsket om å medverke til og påverke dette nye dynamiske samarbeidet var bakgrunnen for at Noreg vedtok å gå saman med Sverige, Finland og Estland i ein nordisk innsatsstyrke. Styrken skal telje inntil 1 500 personar, av desse ca. 150 frå Noreg, og skal vere klar til innsats frå første halvår 2008. På norsk side blei det òg lagt ned eit omfattande arbeid for å sikre best mogleg

kontakt med EU-organet for samarbeid på forsvarsmateriellområdet (*European Defence Agency* – EDA), som tredde i funksjon 1. januar 2005. Ein bilateral avtale mellom Noreg og EDA vart underteikna i samband med det uformelle forsvarsministermøtet i Innsbruck 6.-7. mars 2006.

2.3 Samarbeidet med andre internasjonale organisasjonar

NATO-samarbeidet med andre internasjonale organisasjonar som FN og OSSE utvikla seg positivt i 2005. Den praktiske kontakten mellom NATO og FN fungerte godt i felten, mellom anna i Afghanistan og Kosovo. Jordskjelvskatastrofen i Pakistan og konflikten i Darfur førte til eit nærare samarbeid også på andre og nye område. Dette samarbeidet aksentuerte behovet for å drøfte retningslinjene for bistand frå alliansen i m.a. humanitære operasjonar. For Noreg var det viktig å understreke at NATO måtte reagere på oppmøding frå og til støtte for FN, medrekna underorganane, men at alliansen måtte supplere og styrkje, ikkje fortregne den innsatsen dei sivile hjelpeorganisasjonane gjer.

Den politiske dialogen og samarbeidet mellom hovudkvartera til dei to organisasjonane utvikla seg derimot lite. Etter kvart som samarbeidet i operasjonar og krisesituasjonar av ulik karakter tiltok, auka behovet for ein meir omfattande dialog. Noreg tok difor til orde for eit utvida samarbeid, og spela ei sentral rolle i arbeidet med å utforme forslag til samarbeidserklæring mellom dei to organisasjonane.

Det nære samarbeidet mellom NATO og OSSE – både på politisk og praktisk plan – heldt fram i 2005. Samarbeidet på Balkan var spesielt nært. Etter kvart har dei to organisasjonane utvikla ein tettare dialog også i andre område der begge er engasjerte. Dette gjeld til dømes land i Sentral-Asia og Sør-Kaukasus, der begge utvikla konkrete prosjekt, ofte innanfor tilsvarande saksfelt. Det frivillige støttefondet for destruksjon av farlege kjemikalier i Moldova, som Noreg støttar, er eit eksempel på konkret samarbeid mellom dei to organisasjonane.

Våren 2005 innleidde NATO også eit samarbeid med Den afrikanske unionen (AU). Utgangspunktet var at AU i april bad om assistanse til å transportere styrkar frå afrikanske land inn til AU-operasjonen i Darfur (AMIS). President Konaré i AU-kommisjonen gjesta NATO-rådet 4. mai 2005. Besøket markerte innleiinga til eit NATO-engasjement på det afrikanske kontinent.

3 NATO-operasjoner

3.1 Afghanistan

Gjennomføringa av parlaments- og provinsvalet 18. september 2005 var svært vellukka, og Afghanistan fekk ei demokratisk vald nasjonalforsamling. Nærveret til NATO-stabiliseringsstyrken (ISAF) vart forsterka i samband med valet, og styrken spela ei viktig rolle i arbeidet med å sikre ro og orden.

I 2005 vart det fatta ei rekkje viktige vedtak om NATO-engasjementet i Afghanistan. Ansvarsområdet til ISAF vart i august utvida til den vestlege delen av landet. Deretter vedtok utanriksministre i NATO den 8. desember ein revidert operasjonsplan for ISAF. Denne planen la grunnlaget for ytterlegare utviding til det sørlege Afghanistan sommaren 2006, og seinare til dei austlege delane av landet. Planen innebar òg at NATO tok på seg eit utvida ansvar for trening og opplæring av hæren og politiet i Afghanistan, og forplikta seg til ei noko større deltaking i kampen mot narkotikavundet. Frå norsk side har ein heile tida lagt stor vekt på at NATO må styrkje samarbeidet både med nasjonale og lokale styresmakter og med andre internasjonale aktørar som FN, EU, G8 og ikkje-statlege organisasjonar.

ISAF vil stå overfor ein ny og vanskelegare tryggingssituasjon i det sørlege Afghanistan. Styresmaktene har hatt mindre kontroll i desse områda enn i dei nordlege og vestlege delane av landet, og opprørsgrupper har ofte stått i væpna konflikt med dei amerikanskleiddde koalisjonsstyrkane (OEF) som opererer i området. Utvidinga av ISAF sørover stilte difor krav til meir robuste styrkar.

Gjennom ein omfattande prosess lukkast det NATO å skaffe fram det aller meste av dei styrkane som vert rekna som nødvendige for utvidinga sørover. Det er venta at alliansen og andre troppebidragsytarar vil ha omlag 16 000 soldatar i ISAF frå sommaren 2006.

NATO tok i 2005 til med eit arbeid for å få på plass ein avtale med Afghanistan om behandling av fangar både før og etter overlevering til afghanske styresmakter. Denne avtalen vil komme i tillegg til eventuelle bilaterale avtalar mellom enkelte allierte, deriblant Noreg, og Afghanistan. Frå norsk

side blei det lagt stor vekt på at ein avtale mellom NATO og afghanske styresmakter må vere solid forankra i folkeretten og internasjonal humanitær rett.

Den 1. september 2005 tok Noreg over leiaransvaret for ISAFs gjenoppbyggingsteam (*Provincial Reconstruction Team – PRT*) i Meymaneh nord i Afghanistan. Som året før låg det norske hovudbidraget i Kabul, der Noreg mellom anna leidde ein av dei tre bataljonane som har hatt ansvar for tryggleiken i hovudstaden. Regjeringsvedtaket om å samle innsatsen i det nordlege Afghanistan medførte at det norske engasjementet i Kabul i all hovudsak vil opphøre tidleg i 2006. Styrkane i Kabul blir overførte til byen Mazar-i-Sharif i det nordlege Afghanistan. Det norske styrkebidraget vil i hovudsak vere engasjert her, forutan i gjenoppbyggingsteamet i Meymaneh. I Mazar-i-Sharif vil Noreg mellom anna bidra med ein hurtigreaksjonsstyrke, sanitetspersonell og logistikkelement. Regjeringa vedtok vidare å sende fire F-16 jagarfly til ISAF for ein periode på tre månader våren 2006.

Fleire norske soldatar vart såra då det norskleiddde gjenoppbyggingsteamet i Meymaneh vart utsett for åtak den 7. februar 2006. Ein hurtigreaksjonsstyrke frå Mazar i-Sharif vart flogen inn for å roe ned situasjonen og forsterke teamet. Det norske og finske personellet svara på åtaka på ein profesjonell måte, med god balanse mellom atterhald og fastleik. Denne reaksjonsmåten hausta mykje ros både frå dei militære NATO-styresmaktene og andre ISAF-land. Etter åtaket vart det sett i verk tiltak for å gjere gjenoppbyggingsteamet betre skikka til å forsvare seg og til å ta imot forsterkingar. Likeins vart det lagt vekt på tiltak for å sikre eit best mogeleg tilhøve til lokalbefolkninga og lokale styresmakter.

Episoden illustrerer at ein må vere førebudd på uro også i delar av Afghanistan som har vore rekna som relativt stabile. Ei årsak til det er at eit sterkare ISAF-nærvar lett kjem i konflikt med lokale krigsherrar og maktstrukturar. Det er dessutan mykje som tyder på at striden rundt Muhammed-karikaturane ikkje er ei isolert hending, men eit symptom på ei ibuande spenning i Afghanistan og regionalt, skapt av det aukande vestlege engasjementet i

området. Handtering av denne utfordringa blir viktig i tida som kjem.

Narkotika var i 2005 framleis den største trusselen mot eit stabilt Afghanistan. Over 90 prosent av heroinen som blir omsett i Noreg og andre europeiske land, kjem opphavleg frå Afghanistan. Det er svært viktig at Noreg og det internasjonale samfunnet held fram med å støtte dei afghanske styresmaktene i kampen mot dette vondet.

London-konferansen om Afghanistan 31. januar og 1. februar 2006 viste brei internasjonal semje om at afghanarane sjølve i større grad må få ansvar for gjenoppbygging og utvikling av landet. NATO og afghanske styresmakter vart i London samde om eit samarbeidsprogram for utvida NATO-innsats m.a. innan tryggingssektorreform, grensesikring og tiltak mot menneskehandel og narkotika.

3.2 Balkan

3.2.1 Kosovo

Hovudoppgåva til den NATO-leidde styrken i Kosovo (KFOR) var også i 2005 stabilisering av provinsen og assistanse til FN-administrasjonen (UNMIK). KFOR var ved utgangen av fjoråret framleis den største NATO-operasjonen med om lag 17 000 soldatar. Som følgje av dei valdelege opp-tøyane i mars 2004 vedtok NATO å behalde styrkenivået i KFOR inntil vidare. Det norske bidraget til KFOR var i 2005 talmessig heller lite, etter at det tidlegare helikopterbidraget i juni vart bytt ut med eit mindre etterretningselement. Den norske innsatsen er høgt verdsett av KFOR-leiinga.

Medio 2005 blei det vedteke å gje KFOR ein såkalla «Task Force»-struktur med robuste og svært mobile styrkar direkte underordna leiaren for heile operasjonsområdet, i staden for fleire brigadar med kvar sitt geografiske ansvarsområde. Målet var å skape ein fleksibel struktur og å gjere det mogeleg å disponere styrkane meir effektivt. Omlegginga til ein slik ny struktur er planlagt slutført hausten 2006.

På oppdrag frå generalsekretæren i FN utarbeidde den norske NATO-ambassadøren Kai Eide sommaren 2005 ein rapport om situasjonen i Kosovo. Hovudkonklusjonen var at tida var inne for å gå i gang med forhandlingar om framtidig status for Kosovo, trass i at dei vedtekne «standardane», særleg med omsyn til situasjonen for minoritetane og respekten for lov og orden, ikkje var tilfredsstillande gjennomførte. Rapporten blei drøfta i tryggingrådet i FN 24. oktober, og tilrådingane fekk full støtte av tryggingrådsmedlemmene. Den tid-

legare finske presidenten Martti Ahtisaari blei i november utnemnd av generalsekretæren i FN til å leie statusforhandlingane.

I dei innleiande forhandlingane hadde partane diametralt motsette syn på statusspørsmålet. Styresmaktene i Beograd markerte sterk og unison motstand mot eit uavhengig Kosovo, og tok til orde for «meir enn autonomi, mindre enn sjølvstende». På kosovoalbansk side meinte ein like sterkt og unisont at statusprosessen berre kunne ha eitt akseptabelt utfall, nemleg sjølvstende.

Frå norsk side blei det lagt vekt på at det parallelt med statusprosessen framleis må haldast eit skarpt auge med gjennomføringa av standardane for styrking av demokratiet, respekt for lova og fleiretnisitet. Noreg har vidare understreka det viktige i at prosessen blir gjennomført på ein slik måte at stabiliteten i regionen aukar, også på lengre sikt, og at ei politisk løysing på statusspørsmålet i Kosovo må sikre rettane til alle grupper og individ.

I tillegg har Noreg lagt stor vekt på at den internasjonale dialogen med Beograd må styrkjast, og at det må leggjast til rette for auka samarbeid med Serbia og Montenegro. Målet må vere å integrere Serbia og Montenegro i dei euroatlantiske samarbeidsstrukturane så snart dei grunnleggjande krava frå det internasjonale samfunnet, mellom anna om utlevering av ettersøkte krigsforbrytarar, er innfridde. I første omgang inneber dette deltaking i Euroatlantisk samarbeidsråd og Partnerskap for fred (EAPC/PFP).

Noreg heldt i 2005 fram som såkalla NATO-kontaktambassade i Beograd. NATO og regjeringa i Serbia og Montenegro underteikna i juli ein avtale som gjer at serbisk-montenegrinsk territorium kan brukast ved transport av KFOR-styrkar og materiell inn i Kosovo. Avtalen vart ratifisert av det serbisk-montenegrinske parlamentet i november 2005.

3.2.2 Bosnia-Hercegovina

NATO-operasjonen i Bosnia-Hercegovina (SFOR) vart avslutta i desember 2004 og erstatta av ein EU-leidd styrke (EUFOR) på om lag 7 000 soldatar. Operasjonen byggjer på dei såkalla «Berlin Pluss»-ordningane, som opnar for NATO-støtte til militære operasjonar som EU planlegg og leier. NATO vidareførte nærværet i Bosnia-Hercegovina med eit nytt hovudkvarter i Sarajevo. Oppgåva til dette hovudkvarteret var først og fremst å hjelpe til med forsvarsreformer for å gjere landet betre rusta til eventuell deltaking i partnersamarbeidet i NATO. Alliansen støtta dessutan EU innanfor etterretning og i arbeidet med å spore opp personar som er

ettersøkte av Den internasjonale forbrytardomstolen for det tidlegare Jugoslavia (ICTY). Også for Bosnia-Hercegovina sin del er det eit norsk ønske at landet må bli integrert i det euroatlantiske samarbeidet så snart krava frå det internasjonale samfunnet er innfridde.

3.3 Irak

Etter at NATO-treningsmisjonen i Irak (NTM-I) vart oppretta under NATO-toppmøtet i Istanbul 28.-29. juni 2004, har striden om Irak komme i bakgrunnen innanfor alliansen. Alle allierte medverka til treningsmisjonen i 2005, anten gjennom deltaking med personell til opplæringa i Irak, støtte til treningsaktivitetar utanfor Irak, finansielle bidrag til opplæring eller materiellstøtte til den irakiske hæren.

Opninga av NATO-treningssenteret ved Ar Rustamiyah utanfor Bagdad hausten 2005 representerte eit viktig skritt i det langsiktige alliansearbeidet for reformer i tryggingssektoren og opplæring av irakiske styrkar. Opplæringa omfatta m.a. leiing, kommandofunksjonar, samarbeid mellom forsvar og politi, kurs med tanke på å styrkje den demokratiske kontrollen med irakiske styrkar, budsjettkontroll og krigsfolkerett. Noreg la stor vekt på at NATO-aktivitetane må koordinerast med FN og EU.

Den vanskelege tryggingssituasjonen i Irak i 2005 forseinka enkelte aktivitetar, men hadde likevel ingen avgjerande innverknad på arbeidet ved treningsmisjonen. Den irakiske eigarskapen til opplæringa blei styrkt i løpet av året, og treningsfasilitetane inngår no som ein del av det irakiske *National Defence University*. Irakiske offiserar og styresmakter har lagt vekt på at NATO-innsatsen står fram som eit breitt alliert prosjekt med eit sterkt europeisk innslag.

Diskusjonen om Irak i 2005 dreia seg i stor grad om finansieringsspørsmål. Enkelte allierte var restriktive med omsyn til fellesfinansiering av NTM-I, og ønskte inga utviding av aktivitetane. Finansieringa blei difor i stor grad basert på frivillige bidrag. Dette skapte problem med den langsiktige planlegginga av opplæringa. Noreg bidrog med 150 000 euro til NATO-støttefondet for treningsmisjonen i 2005. Eit anna sentralt spørsmål var vernet av NATO-aktivitetane. Då dei allierte viste manglande evne og vilje til å stille med styrkevern, såg ein seg nøydd til å leige inn eit privat tryggingsselskap. Dette var første gongen denne typen NATO-opppdrag er sett bort til sivile kontraktørar. I

oktober 2005 blei det vedteke å trekkje heim norske offiserar frå treningsmisjonen i Irak. Ved utgangen av 2005 var alle personar trekte ut.

3.4 NATO-operasjonen i Middelhavet

Patruljerings- og overvåkingsoperasjonen for skipstrafikken i Middelhavet (*Operation Active Endeavour* – OAE) heldt fram gjennom 2005. OAE blei sett i verk etter terroråttaka i USA 11. september 2001, og er basert på artikkel 5 i Atlanterhavs-pakta. Operasjonen er ein del av den kampen NATO fører mot internasjonal terrorisme og spreiding av masseødeleggingsvåpen.

Dei allierte diskuterte i 2005 kor vidt OAE burde vidareførast som ein artikkel-5-operasjon, eller om ein skulle basere operasjonen på eit anna grunnlag. Siktemålet med eit eventuelt nytt og mindre forpliktande mandat var å gjere det enklare for ikkje-allierte å ta del i operasjonen. Men i tillegg til at nokre allierte ønskte å halde på artikkel 5 som grunnlag, viste fleire partnerar, mellom desse Russland og Ukraina, interesse for å delta trass i mandatet etter artikkel 5. Det vart difor vedteke å halde på det opphavlege mandat. I 2005 vart arbeidet med førebuing til russisk deltaking i OAE vidareført, og det er venta at Russland vil slutte seg til operasjonen i løpet av 2006. Russisk deltaking vil vere eit viktig steg vidare i samarbeidet mellom Russland og NATO. I tillegg har også middelhavspartnerar som Israel og Algerie ytra ønske om å delta i operasjonen. I tillegg til antiterrorfunksjonen kan OAE dermed fungere som eit instrument for styrking av det militære samarbeidet mellom NATO og partnerstatane.

Noreg deltok i OAE frå september til november 2005 med eit Orion overvåkingsfly. I tillegg støtta vi operasjonen med ein ubåt og ein fregatt i kortare periodar, og fire missiltorpedobåtar (MTB) var på heimeberedskap i fem månader frå august 2005 til januar 2006. Frå norsk side har vi frå før sendt ubåtar, fregattar og MTB-ar.

3.5 Sudan

Den 26. april 2005 bad Den afrikanske unionen (AU) om bistand frå NATO til AU-operasjonen i Darfur (*African Mission in Sudan* – AMIS). Få veker seinare etablerte NATO eit militært liaisonelement i Addis Abeba for å førebu flytransporten av AMIS-styrkar til Darfur og for å lære opp AU-offiserar ved operasjonssentralen i Addis Abeba og

ved hovudkvarteret for AMIS i El Fasher. NATO gjennomførte flytransporten av seks av i alt sju bataljonar fram til oktober 2005. NATO-engasjementet vart vidareført i 2006. Ein ny rotasjon av troppar med opplæring av personell skal etter planen gjennomførast våren 2006. NATO samarbeidde med EU om å støtte AMIS.

Noreg ytte ein halv million euro i lufttransportstøtte til AU. Saman med eit britisk bidrag vart det norske tilskotet brukt til transport av tre nigerianske bataljonar med avdelingsmateriell til Darfur.

I juni 2005 vart Noreg av generalsekretæren i NATO bede om å hjelpe til ved å ta ansvar for den sivile sida av samarbeidet mellom NATO og AU. Denne oppgåva blei lagd til den norske ambassaden i Addis Abeba. Ambassaden har arbeidd side om side med NATOs militære liaisonelement og vore ansvarleg for den daglege kontakten mellom NATO og AU. Både generalsekretæren og dei militære leiarane for alliansen har sagt seg svært nøgde med den norske liaisonrolla. Det at Noreg i ei årrekke har støtta AU i arbeidet for fred og tryggleik, har skapt kontaktar og eit truverde som har vist seg nyttig også i denne samanhengen.

Ei eventuell vidareføring og utviding av alliansen si rolle i Darfur vil mellom anna vere avhengig av eit ønske frå AU og FN om slik støtte, og av formell førespurnad og aksept frå regjeringa i Sudan. Ei eventuell utvida rolle for NATO vil krevje tett koordinering og samarbeid med både FN og EU i tillegg til AU. Frå norsk side er det lagt stor vekt på at ein eventuell operasjon må ha ein klar afrikansk eigarskap og vere basert på afrikanske behov. Ei mogeleg utvida NATO-rolle må ha som siktemål å gjere ein afrikanskdominert styrke så effektiv som råd er.

3.6 NATO som humanitær aktør

Med deltakinga i hjelpeinnsatsen etter orkanen Katrina i USA i september, og etter jordskjelvs katastrofen i Pakistan i oktober 2005, var NATO for før-

ste gong direkte involvert i humanitære hjelpeoperasjonar.

På oppmoding frå amerikanske styresmakter sette alliansen 9. september 2005 i verk *NATO Katrina Support Operation* for frakt av naudhjelpsutstyr til dei orkanherja områda i dei sørlege delane av USA. Dette var første gongen element frå hurtigreaksjonsstyrken NRF, som enno ikkje var fullt operativ, blei tekne i bruk.

Etter oppmoding frå pakistanske styresmakter og frå FN vedtok NATO 11. oktober, tre dagar etter jordskjelvet, å setje i verk ein operasjon for å hjelpe offera for katastrofen. Støtta frå NATO bestod i hovudsak av lufttransport av materiell, utplassering av feltsjukehus og av ingeniørstyrkar. I denne samanhengen vart det gjort bruk av meir omfattande element frå NRF. NATO konsentrerte lufttransporten om bistand frå UNHCR og FNs matvareprogram. Frå norsk side blei det ytt eit bidrag på 10 millionar kroner til finansiering av flytransporten. Ingeniørstyrkane vart sette i arbeid med reparasjon av infrastruktur og opprydding etter jordskjelvet. Den humanitære innsatsen blei høgt verdsett av pakistanske styresmakter, og viste at NATO kan spele ei rolle som humanitær aktør.

NATO-innsatsen i Pakistan førte til ein diskusjon om alliansen si rolle i humanitære kriser. Somme allierte stilte seg skeptiske til ei slik rolle, i tråd med ein generell motvilje mot at NATO skal ta på seg anna enn reint militære oppgåver. Det store fleirtalet allierte meinte derimot at NATO må kunne stille ressursar til rådvelde dersom alliansen kan vere med på å redde liv og redusere lidingar ved katastrofar av større omfang. Noreg stilte seg positivt til ei rolle for NATO i humanitære krisesituasjonar, samtidig som ein har lagt vekt på at NATO ikkje må ta på seg oppgåver som andre instansar kan gjere betre. Hjelpeinnsatsen måtte òg gje meirverdi i det samla hjelpearbeidet. Vidare vart det frå norsk side understreka at NATO-innsatsen må skje i nært samarbeid med styresmaktene i landet som er råka, og med relevante FN-organ og andre bidragsytande aktørar.

4 Partnarsamarbeidet

Samarbeidet med partnerlanda utgjorde også i 2005 eit sentralt og integrert element i den samla NATO-verksemnda. Alliansen styrkte dialogen med både partnerlanda og land utanfor partnerskapsrammene. Utviklinga har vist at partnerlanda ofte har svært ulike interesser og behov. Dette førte til ein diskusjon om kor vidt dagens partnerskapsstrukturar er tilpassa dei nye tryggingpolitiske utfordringane. Ein gjennomgang av partnarsamarbeidet vart difor innleidd i 2005, og vil vare ved fram mot NATO-toppmøtet i Riga. Denne gjennomgangen omfattar både dei breiare partnerskapsordningane og dei individuelle samarbeidsordningane med Russland og Ukraina.

4.1 Russland

Samarbeidet mellom NATO og Russland utvikla seg i positiv retning i 2005. NATO/Russland-rådet (NRC) stod fram som eit viktig politisk og praktisk samarbeidsinstrument mellom tidlegare motpartar.

Førebuingane til russisk deltaking med marinefartøy i den maritime overvakingsoverasjonen NATO driv i Middelhavet (OAE), heldt fram gjennom 2005. Det er venta at Russland vil slutte seg til operasjonen i siste halvdel av 2006. Dette vil gje NRC ein ny operativ dimensjon, og vonleg stimulere til ytterlegare operasjonelt samarbeid gjennom auka evne til militært samvirke mellom russiske styrkar og NATO-styrkar. Som eit ledd i denne prosessen godkjende den russiske forsvarsministeren og NATO-forsvarsministrane retningslinjene for interoperabilitet mellom militære styrkar frå NATO og Russland på forsvarsministermøtet i NRC 9. juni 2005.

Manglande russisk ratifikasjon av det juridiske rammeverket for partneroperasjonar (den såkalla *PFP Status of Forces Agreement* – PFP SOFA) var likevel framleis ein hemske for den vidare utviklinga av det praktiske militære samarbeidet.

Ei rekkje andre samarbeidsprosjekt og øvingar vart vidareutvikla i løpet av 2005, mellom anna eit felles samarbeidsprosjekt for luftovervaking og gjennomføring av ei ubåtrekningsøving. Øvinga

fann stad berre ein månad før den russiske miniubåten *Pritz* forliste utanfor Kamtsjatka-halvøya i august 2005. Ein omfattande redningsaksjon med alliert hjelp var medverkande til at alle om bord kom frå ulukka i live.

NRC-handlingsplanen mot terrorisme vart i 2005 utvida til òg å omfatte arbeid knytt til førebygging og kamp mot terroråtak og til handtering av konsekvensane av eventuelle åtak.

På det sivile området vart det på utanriksministermøtet i NRC i desember 2005 lansert eit pilotprosjekt i opplæring av afghansk og sentralasiatisk personell i kampen mot narkotika. Prosjektet reflekterte ei klar felles interesse i kampen mot narkotikatrafikken frå Afghanistan. Noreg er ein av dei største bidragsytarane til prosjektet, som etter planen skal setjast i gang sommaren 2006 i samarbeid med FN-kontoret for arbeid mot narkotika og kriminalitet (UNODC).

Mens det praktiske samarbeidet i NRC utvikla seg positivt i 2005, stilte det seg annleis med dei politiske konsultasjonane. Afghanistan og situasjonen i Kaukasus og på Balkan vart diskutert ved fleire høve. Debattane reflekterte i stor grad kjende synspunkt, og det viste seg vanskeleg å utvikle ein open og konstruktiv diskusjon i saker der Russland og dei allierte står lengre frå kvarandre, slik som konvensjonell rustingskontroll og situasjonen i Kaukasus og Sentral-Asia. Men eit nærare praktisk og operasjonelt samarbeid i NRC vil òg kunne stimulere den politiske dialogen.

Også på alliert side var det ulike syn på samarbeidet i NRC. Særleg nokre av dei nyare allierte stilte seg meir skeptisk til samarbeidet med Russland, og viste i denne samanhengen til negative utviklingstrekk i det russiske samfunnet. Andre allierte, deriblant Noreg, streka under at det var viktig å bruke NRC til å skape eit nærare og meir tillitsfullt samarbeid med Russland, sjølv om utviklinga ikkje gjekk i rett retning på alle område.

Før utanriksministermøtet i NATO/Russland-rådet 8. desember 2005 la utanriksminister Lavrov fram eit forslag om å gå gjennom samarbeidet i NRC med sikte på å styrkje forumet både operativt og som politisk konsultasjonsorgan. Siktemålet med dette initiativet var å gjere opp status for sam-

arbeidet og skissere forslag til korleis det kan utviklast vidare.

Sett i eit norsk perspektiv har ein generelt vore tilfreds med utviklinga i tilhøvet mellom NATO og Russland. Heilt sidan NRC vart oppretta, har Noreg lagt vekt på den tillitsskapande funksjonen til samarbeidet, og vil leggje vekt på dette også i tida framover. Samtidig vil vi medverke til å fylle samarbeidet med mest mogleg konkret innhald.

4.2 Ukraina

Valet i Ukraina i desember 2004 og det påfølgjande regimeskiftet i byrjinga av 2005 løfta samarbeidet med NATO opp på eit nytt nivå. Utanriksministre frå Ukraina og NATO vedtok 21. april 2005 å innleie ein «intensivert dialog». Ukrainske styresmakter gav uttrykk for ønske om deltaking i det medlemskapsførebuande programmet (MAP) i løpet av 2006, med sikte på full medlemskap saman med dei noverande tre MAP-landa, helst allereie i 2008. NATO krev at MAP-status skal vere prestasjonsbasert, og Ukraina må difor oppfylle ei rekkje krav til m.a. omstillingar i forsvaret før nasjonen kan innlemmast i MAP.

Fleire konkrete samarbeidsprosjekt vart sette i gang som ledd i den intensiverte dialogen. Ukraina forplikta seg til å forsterke arbeidet med å gjennomføre reformer på viktige område, mellom anna omstillingar i forsvaret og i politiske og juridiske institusjonar og intensivering av arbeidet mot korrupsjon. Eit samla NATO understreka at medlemskap i alliansen vil vere avhengig av at Ukraina kan vise til konkrete resultat i reformarbeidet. Det vart understreka at dialogen ikkje er nokon snarveg til medlemskap, men eit hjelpemiddel på vegen mot MAP-status og ei eventuell seinare innmelding i alliansen.

Ukraina intensiverte i 2005 arbeidet med å omstille forsvaret og tryggingstyrkane. Mens det ved årsskiftet 2004/2005 var president Viktor Justsjenko og regjeringa som var pådrivarar for reformene, er framdrifta etter kvart flytta meir over til institusjonane der reformene skal gjennomførast. Både i forsvaret og i dei hemmelege tenestene, som tidlegare var sterkt medverkande til menneskerettsbrot, har det i løpet av året utvikla seg ei aukande forståing for behovet for omfattande reformer.

Hovudoppgåva for Ukraina i 2005 var å følgje opp planlegging og kartlegging av utfordringane med konkret handling. Men ressursituasjonen på ukrainsk side var vanskeleg, og landet hadde lite

rom for nyinvesteringar. NATO hjelpte Ukraina på ei rekkje område, mellom anna gjennom samarbeidet i arbeidsgruppa for forsvarsreform (*Joint Working Group on Defence Reform*) og gjennom diverse konkrete prosjekt. Noreg signaliserte i 2005 støtte til eit nytt prosjekt for auka kompetanse hos sivilt tilsette i det ukrainske forsvarsdepartementet og i ukrainske tryggingstrukturar. Noreg vil medverke med både økonomisk midlar og opplærings-tilbod innanfor ramma av dette prosjektet i 2006. Noreg bidrog òg til eit NATO-støttefond for destruksjon av handvåpen, ammunisjon og luftvernmissil. Denne støtta vil bli vidareført i 2006. Noreg vil styrkje forsvarssamarbeidet med Ukraina i 2006 for å støtte opp om arbeidet med viktige reformer i det ukrainske forsvaret.

4.3 Euroatlantisk partnerskapsråd (EAPC)

I tillegg til NATO-medlemmene omfattar EAPC i hovudsak fire grupper land: dei tre landa på Balkan (Albania, Kroatia og Makedonia) som deltek i det medlemskapsførebuande programmet (*Membership Action Plan – MAP*), dei tre landa i Sør-Kaukasus (Armenia, Aserbajdsjan og Georgia) som har individuelle samarbeidsprogram med NATO, landa i Sentral-Asia (Kasakhstan, Kirgisistan, Tadsjikistan, Turkmenistan og Usbekistan) og dei alliansefrie vesteuropeiske partnerane (Austerrike, Finland, Irland, Sveits og Sverige). Medlemmene av EAPC utgjer såleis ei svært lite homogen gruppe.

Kroatia, Albania og Makedonia er allereie inne i ein prosess i retning av medlemskap gjennom MAP-deltakinga. Arrestasjonen av den krigsforbyrtartiltala general Gotovina i desember 2005 opna for ytterlegare tilnærming mellom NATO og Kroatia, sjølv om viktige tiltak stod att både med omsyn til forsvarsreformer og til minoritetsrettar. Makedonia gjennomførte ei lang rekkje reformer i samband med NATO-søknaden sin, mens Albania enno hadde mykje ugjort, særleg når det gjaldt justisreform og arbeidet mot korrupsjon.

Noreg arbeidde for at NATO skal leggje til grunn eit perspektiv som gjer det mogleg å integrere alle landa på Vest-Balkan. Eit slikt heilskapleg, regionalt perspektiv er av stor verdi for å støtte opp om stabilitet og utvikling i heile regionen, medrekna dei to landa som framleis ikkje er med i noka form for formell partnerordning med NATO, nemleg Bosnia-Hercegovina og Serbia og Montenegro.

Noreg støtta Serbia og Montenegro på ei rekkje område i 2005. Eit norsk framlegg om å opprette ei formell ramme for samarbeid innan forsvarsreform, den såkalla *Defence Reform Group*, vart vedteke i NATO i februar 2006. Noreg var også pådrivar for utarbeidinga av ein langtidsplan for forsvaret, eit arbeid som vart kontinuerleg samordna med NATO-sekretariatet. Vidare var Noreg, ikkje minst gjennom ansvaret for NATO-kontaktambassaden i Beograd, aktivt involvert i dialogen mellom NATO og lokale styresmakter. Noreg tok òg på seg ei leiarrolle i opprettinga av eit NATO-støttefond (*Trust Fund*) for assistanse til militært personell som blir overflødig på grunn av omleggingar i forsvaret. Det norske tilskotet på halvannen million euro utgjer det største enkeltbidraget.

Samarbeidet mellom NATO og Beograd vart såleis monaleg utvida i 2005, i stor grad som følgje av norske initiativ. Likevel kunne verken Serbia og Montenegro eller Bosnia-Hercegovina tilbydast medlemskap i Partnerskap for fred. Det var brei semje blant dei allierte om at fullt samarbeid med ICTY, med utlevering av Ratko Mladic og Radovan Karadzic til domstolen, framleis var ein klar føresetnad for slik medlemskap.

Alle dei tre landa i Sør-Kaukasus gav uttrykk for ønske om breitt samarbeid med NATO. I 2005 var Georgia det landet som var komme lengst i tilnærminga til NATO, men også samarbeidet med Aserbajdsjan og Armenia vart styrkt. Frå georgisk side var målsetjinga å få MAP-status allereie i 2006, for deretter å vere aktuell for medlemskap i neste utvidingsrunde. Frå alliert hald har ein lagt vekt på at eit forsterka samarbeid med NATO – og på sikt medlemskap i alliansen – først og fremst vil vere avhengig av omfattande politiske, juridiske og forsvarsmessige reformer i Georgia, forutan at territoriale stridsspørsmål må vere avklara.

Av dei sentralasiatiske landa hadde Kasakhstan hatt størst framgang i samarbeidet med NATO. NATO-engasjementet overfor Kasakhstan var i første rekkje av praktisk karakter, og fokuserte i 2005 på støtte til forsvarsreformer. Også dei andre landa i regionen, med unntak av Usbekistan, deltok i ulike partnerskapsaktivitetar i løpet av fjoråret.

Tilhøvet til Usbekistan vart grundig diskutert i NATO etter den brutale framferda til styresmakterne under demonstrasjonane i Andijan i mai 2005. Overgrepa vart sterkt kritiserte av NATO, som oppmoda usbekiske styresmakter til å akseptere ein internasjonal granskingskommisjon. Det praktiske samarbeidet vart deretter «frose», med det til følgje at Usbekistan valde å halde seg borte frå

møte i NATO. Denne situasjonen reiste spørsmål om korleis NATO bør reagere mot partnerland som bryt grunnleggjande demokratiske prinsipp. Det var brei semje blant dei allierte om at partnersamarbeidet må vere eit verdibasert samarbeid, og at NATO har eit politisk og moralsk ansvar for å reagere i slike situasjonar.

Dei vesteuropeiske partnerane, særleg Sverige, Finland og Austerrike, heldt i 2005 fram med å yte viktige bidrag til NATO-operasjonane på Balkan og i Afghanistan. Sverige stilte om lag 400 personar, Austerrike og Finland om lag 500 kvar, i NATO-leidde operasjonar. Det operative NATO-samarbeidet med desse landa auka både i omfang og innhald. Dei vesteuropeiske partnerane har òg engasjert seg sterkt i den politiske dialogen innan EAPC, ikkje minst med omsyn til det verdimesseige grunnlaget for samarbeidet. For Noreg var det framleis eit prioritert mål å arbeide for ei styrking av samarbeidet mellom NATO og desse nettobidragssytarane til ulike NATO-aktivitetar. I praksis er det desse landa sjølve som må definere sitt forhold til NATO.

4.4 Middelhavslanda og Midtausten

Arbeidet med å vidareutvikle både den politiske dialogen og det praktiske samarbeidet med land i Nord-Afrika og Midtausten heldt fram i 2005, med utgangspunkt i vedtaka på NATO-toppmøtet i Istanbul i 2004. NATO-engasjementet overfor landa i dei to samarbeidsrammene bygde på eit ønske om å støtte opp om ein reformprosess i retning av meir demokrati og innsyn, og å opprette nye partnerskapar i kampen mot internasjonal terrorisme.

Utanriksministermøtet med dei sju landa i Middelhavsdialogen i desember 2004, og gjestinga av generalsekretæren i dei same landa (Algerie, Egypt, Israel, Jordan, Marokko, Mauritania og Tunisia) i 2005, gav samarbeidet ny styrke. Også forsvarssjefane frå desse landa og frå NATO-landa møttest i 2005. Det første møtet på forsvarsministernivå vart halde i Taormina på Sicilia i februar 2006.

Det praktiske samarbeidet med landa i Middelhavsdialogen vart intensivert i 2005. Særleg vart styrking den militære interoperabiliteten vektlagt som ein føresetnad for å kunne opptre saman i internasjonale operasjonar. Også styrking av samarbeidet mot internasjonal terrorisme vart prioritert. Fleire av desse landa har vist interesse for å delta i OAE i Middelhavet.

Samarbeidet innanfor ramma av *Istanbul Cooperation Initiative* (ICI) var i 2005 framleis i ein innleiande fase. I løpet av året slutta Kuwait, Dei sameinte arabiske emirata, Qatar og Bahrain seg til initiativet. Det var òg kontaktar mellom NATO og Saudi-Arabia og Oman. Det vart utarbeidd eit generelt arbeidsprogram med ICI-landa for 2006 med vekt på praktiske samarbeidsaktivitetar, mellom anna i kampen mot terrorisme, forsvarsreform, ikkjespriing, sivil beredskap og militært samarbeid.

4.5 Kontaktland

NATO vidareførte i 2005 dialogen med dei såkalla kontaktlanda, ei gruppe som m.a. omfattar Austr-

lia, New Zealand, Japan og Sør-Korea, både gjennom møte i hovudkvarteret og ved at NATO-generalsekretæren gjesta fleire av dei. Formålet med samarbeidet er å etablere ein politisk dialog om globale tryggingsutfordringar, og å leggje grunnlaget for støtte til og eventuell deltaking i NATO-leidde operasjonar. Det vart særleg lagt vekt på konsultasjonar med dei av kontaktlanda som deltek eller vurderer å delta i ISAF (Australia og New Zealand).

Fleire sentrale allierte uttrykte i 2005 eit ønske om å leggje til rette for nærare politisk og operativt samarbeid med kontaktlanda. Det er venta at dette spørsmålet vil bli teke opp i drøftingane om innretninga av NATO-partnarskapane i tida fram mot toppmøtet i Riga.

5 Militær omforming av alliansen

I tillegg til den politiske omforminga av alliansen heldt også den militære omstillinga fram med full styrke i 2005. Denne omfattar både framskaffing av militære kapasitetar, finansieringss spørsmål og praktiske og administrative tilpassingar.

Eit prioritert område i 2005 var arbeidet med å etablere hurtigreaksjonsstyrken (*NATO Response Force* – NRF), som etter planen skal ha full operativ kapasitet innan 1. oktober 2006. Styrken skal vere på ca. 25 000 soldatar. Dei strenge krava til trening og samøving av personellet, i tillegg til behovet for restitusjon etter å ha stått i beredskap, inneber at omtrent 75 000 soldatar til kvar tid er bundne opp i NRF. Noreg har delteke i begge NRF-kontingentane i 2005, kvar på 6 månader.

Styrken skal ha svært høg beredskap. Dette stiller krav til dei allierte om å halde sine respektive bidrag på det nivået som trengst når det gjeld kvalitet, utrusting, samtrening og beredskap. Rolla til NRF som sentralt verkemiddel i den pågåande militære omforminga av alliansen har i 2005 hatt ein monaleg positiv effekt på omforminga av nasjonale forsvarsstrukturar.

Eit sentralt element i omformingsarbeidet i alliansen var utviklinga av nye politiske retningslinjer (*Comprehensive Political Guidance* – CPG) for kapasitetsutvikling i NATO. I desember 2005 vart det oppnådd semje om CPG. Det vidare arbeidet vil vere knytt til iverksetjinga av desse retningslinjene, med merksemda retta mot kapasitetsutvikling og koordinering mellom dei ulike planleggingsdisiplinane. Dei politiske føringane i CPG legg vekt på alliansen si evne til å utføre stabilisering og gjenoppbygging i samband med allierte operasjonar, og på å handtere konsekvensane av eventuelle angrep med masseødeleggingsvåpen. Samtidig vert det understreka som viktig å syte for at NATO framleis har evne til å innfri dei kollektive forsvarspliktene sine og til å gjennomføre høgintensive operasjonar.

Arbeidet med å skaffe fram kritiske kapasitetar for NATO innanfor ramma av kapasitetsinitiativet (*Prague Capabilities Commitment* – PCC) heldt fram i 2005. Vanskelegast var det å få oppslutnad om dei store prosjekta, spesielt for tilgang på strategiske transport- og tankfly, og om strategisk sjøtransport. Tankflyprosjektet vart førebels innstilt

på grunn av manglande vilje til finansiering blant medlemslanda. Som ei mellombels løysing under-teikna nokre nasjonar mot slutten av året ein kontrakt på leige av strategiske transportfly. Noreg har vore leiande i prosjektet for tilgang på strategisk sjøtransport. Det har medverka til ei vesentleg forbedring av den samla kapasiteten på dette feltet.

Dei seinare åra har det vore eit aukande problem å skaffe nok styrkar til NATO-operasjonane. For å få full oversikt over behova i samband med NATO-operasjonar og NRF vart det 15.-17. november 2005 halde ein styrkegenereringskonferanse i det militære NATO-hovudkvarteret, SHAPE. Her fekk ein høve til å sjå heile alliansens styrkebehov i eit samla perspektiv, og fekk dermed eit grunnlag for heilskapleg planlegging av bidrag til enkeltoperasjonar og NRF.

For ytterlegare å bøte på mangelen på kritiske felleskapasitetar til NATO-leidde operasjonar, vart det i 2005 oppnådd semje om å utvide kriteria for fellesfinansiering av desse. Det vart òg oppnådd konsensus om ein ny fordelingsnøkkel for nasjonale bidrag til dei felles NATO-budsjetta. Semja i desse spørsmåla var viktig, men representerte ikkje noko gjennombrot i dei grunnleggjande spørsmåla rundt finansieringa av den stadig meir omfattande og mangfaldige verksemda i NATO.

Omstillinga av NATO medførte behov for endringar i organiseringa av arbeidet ved NATO-hovudkvarteret. Etter påtrykk frå fleire allierte vart det våren 2005 innleidd eit arbeid for å modernisere organiseringa og arbeidsprosessane ved hovudkvarteret. Generalsekretæren la i oktober fram si første tilråding, som mellom anna la vekt på ein resultatorientert organisasjon, betre samsvar mellom oppgåver og ressursar, auka bruk av strategiske diskusjonar og nærare samarbeid mellom den sivile og den militære delen av hovudkvarteret. Det blir no arbeidd med oppfølginga av desse framlegga.

Den nye kommandostrukturen i NATO var i 2005 framleis under oppbygging. Ei hovudutfordring var bemanninga av strukturen, både med omsyn til nasjonale bidrag og innsparing av personell. Kommandostrukturen skal etter planen vere fullt operativ først frå sommaren 2006.

6 Vurderingar og framtidsperspektiv

Også i 2005 ytte NATO viktige bidrag til tryggleik, stabilisering og demokratiutvikling både på og utanfor det europeiske kontinentet. I tillegg til å vidareføre engasjementa i Kosovo og Irak og å utvide stabiliseringsoperasjonen i Afghanistan vesentleg, engasjerte alliansen seg i fjor for første gong på det afrikanske kontinentet og i reine humanitære operasjonar.

Det utvida engasjementet på operasjonssida spegla den omfattande politiske og militære omstillingsprosessen NATO er inne i. I tillegg til dei openberre behova på bakken blir omstillinga driven fram av eit felles ønske om å sørge for at NATO framleis er relevant og har evne til å møte både tradisjonelle og nye trygging utfordringar. Sjølv om det er brei semje om å behalde NATO som det sentrale transatlantiske trygging politiske instrumentet, er prosessen krevjande fordi han avdekkjer grunnleggjande ulikskapar blant dei allierte i synet på kva dei nye trygging utfordringane egentlig går ut på, korleis dei best kan handterast og kva for ein organisasjon som til kvar tid skal sitje i førarsetet.

På amerikansk side blir internasjonal terrorisme, i regi av organisasjonar eller statar og spesielt i kombinasjon med masseøydeleggingsvåpen, rekna som den fremste trusselen. For USA er difor kampen mot terror den viktigaste oppgåva NATO har.

Åtaka mot Madrid i 2004 og London i 2005 gjorde sitt til at ein også på europeisk side engasjerte seg sterkare i denne kampen. Dei europeiske allierte ser likevel ut til å ha eit breiare syn på det internasjonale trusselbiletet, og legg i tillegg større vekt enn USA på politiske, økonomiske og andre ikkje-militære verkemiddel i kampen mot internasjonal terrorisme. Truleg vil synet på rolla og oppgåvene til NATO, og dermed den politiske dialogen i alliansen, bere preg av dette også heretter.

USA har i 2005 vist påtakeleg auka vilje til å bruke NATO som ramme for operasjonar og anna trygging politisk samarbeid. Frå amerikansk hald legg ein i aukande grad vekt på NATO som dialogforum for alle typar trygging utfordringar. Til grunn for dette ligg ein amerikansk ambisjon om å

utvikle NATO til ein organisasjon med eit globalt perspektiv. Denne ambisjonen er følgd opp med ei rekkje vidtrekkande og til dels kontroversielle utspel. Dei spenner frå diskusjonar i NATO om trygging politiske utfordringar som ikkje tildelgare har stått på dagsordenen i alliansen, til meir konkrete forslag om framtida til partnerskapen og ei mogeleg rolle for NATO med omsyn til energi tryggleik og trening og opplæring i Midtausten og Afrika. Mens ein på europeisk side for berre kort tid sidan frykta at USA ville nedprioritere NATO, er eitt av hovudspørsmåla i dag om ein på amerikansk side har så vidtgåande planar for alliansen si rolle i framtida at det gjev NATO ein altfor framtreddande plass i det samla trygging politiske biletet.

Toppmøtet i Riga 28.- 29. november 2006 vil bli ein viktig etappe i den vidare utviklinga i alliansen framover mot nye toppmøte, truleg både i 2008 og 2009 – det siste i samband med at det då er 60 år sidan NATO vart oppretta. Det er venta at stats- og regjeringssjefane kjem til å gjere vedtak som vida refører den politiske og militære omstillinga i alliansen, at dei vil leggje fram retningslinjer for NATO-operasjonane og det framtidige samarbeidet med partnerlanda og at dei kjem til å diskutere spørsmål i tilknytning til ei eventuell ytterlegare utviding. Den overordna målsetjinga for toppmøta vil vere å grunnfeste NATO si rolle som den sentrale organisasjonen for transatlantisk dialog og handtering av felles trygging politiske utfordringar.

På toppmøtet i Riga vil det vere viktig å kunne konstatere at NRF har nådd full operativ kapasitet. Også andre spørsmål i samband med evna til å gjennomføre eit breitt spekter av operasjonar i stor avstand frå alliert territorium vil stå sentralt.

I gjennomgangen av NATO-operasjonane kjem engasjementet i Afghanistan til å krevje stor merksemd. Vedtaket i 2005 om å utvide ISAF til å omfatte dei sørlege og seinare dei austlege delane av Afghanistan stiller alliansen overfor store utfordringar. Toppmøtet vil òg ta for seg andre pågåande operasjonar og vurdere bruk av NATO-resursar til innsats i humanitære krisesituasjonar. Slike nye typar NATO-operasjonar stiller spesielle krav til eit gjennomtenkt samvirke mellom sivile og

militære aktører og mellom ulike internasjonale organisasjoner.

Utvikling av partnersamarbeidet og ei utvida treningsrolle for NATO står sentralt i den politiske omstillinga av alliansen, og vil bli drøfta i Riga. Nye trygging utfordringar gjer det endå viktigare å samarbeide både med land som kan bidra til auka tryggleik – som Australia, New Zealand, Sør-Korea og Japan – og med land som treng internasjonal militær støtte for å sikre stabilitet og fred.

Også utvidinga av alliansen er venta å stå sentralt på toppmøtet, sjølv om det neppe blir gjort vedtak om utviding på dette møtet. I tillegg til status for dei tre søkjarlanda (Kroatia, Makedonia og Albania) vil ambisjonane til Ukraina og Georgia bli drøfta i tida fram mot toppmøtet.

Frå norsk side vil ein i tida fram mot Riga-møtet arbeide med sikte på å kunne behalde ein handlekraftig allianse, prega av omfattande politisk dialog og evne til å setje militære ressursar inn i eit breitt spekter av operasjonar. Noreg ønskjer å utdjupe samarbeidet mellom NATO og interesserte partnerland, og likeins med andre internasjonale organisasjonar, i første rekkje EU og FN. Samtidig

som det er viktig at NATO held døra open for endå fleire nye medlemmer, vil ein frå norsk side leggje vekt på at nye medlemskapar må komme som resultat av at kandidatane oppfyller dei krava alliansen stiller. Arbeidet for å skape eit mest mogeleg substansielt samarbeid mellom NATO og Russland vil òg bli tillagt stor vekt frå norsk side i tida framover.

Programmet fram mot toppmøtet i Riga er krevjande og omfattande, både på det politiske og det operasjonelle området. Omforminga av alliansen held fram i stort tempo. Dette vil stille aukande krav til samvirke og dialog med andre aktører, nasjonar og organisasjonar.

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Utanriksdepartementet av 5. mai 2006 om samarbeidet i NATO i 2005 blir send Stortinget.

Vedlegg 1

Pressemelding, Vilnius, 21. april 2005 Møte i NATO/Ukraina-kommisjonen – Styrking av samarbeidet mellom NATO og Ukraina: Tiltak på kort sikt

Dei NATO-allierte og Ukraina er samde om å setje i gang tiltak som skissert nedanfor for å styrkje samarbeidet seg imellom og støtte prioriterte reformoppgåver i Ukraina. NATO/Ukraina-handlingsplanen danner rammene for tiltaka, og vi set dei i verk på bakgrunn av vedtaket om å innleie ein intensivert dialog rundt dei ukrainske ambisjonane om medlemskap og relevante reformer, utan føringar for ei eventuell framtidig avgjerd i alliansen.

1 Styrking av demokratiske institusjonar

- Bruke tilgjengelege ressursar frå NATO, allianseland og andre interesserte institusjonelle partar, til dømes Genève-senteret for demokratisk kontroll med væpna styrkar (DCAF), til å utvide innsatsen i den felles arbeidsgruppa for forsvarsreform (JWGDR) med sikte på å hjelpe den nye leiinga til å setje utøvande og lovgjevande instansar, i tillegg til publikum, betre i stand til å halde oppsyn med institusjonar i forsvars- og tryggingssektoren som NATO samarbeider med.
- Innhente og evaluere informasjon og utveksle synspunkt på det som vert gjort for å styrkje dei frie media og å få i stand reformer i valsystemet og rettsvesenet, mellom anna ved å invitere aktuelle ukrainske ministerium og organ til å halde regelmessige orienteringar om dette.
- Bruke den årlege evalueringa av gjennomføringa av den ukrainske handlingsplanen dette året til å skaffe eit omfattande oversyn over kva som er oppnådd etter at planen vart vedteken i 2002, med konkret rettleiing om uoppfylte reformbehov.
- Gjere full bruk av mekanismane for handlingsplanen (AP) og dei årlege målplanane (ATP)

(gjennom eksisterande NATO/Ukraina-kanalar på alle nivå) til å gje positiv tilbakemelding om framgang på området, og kritikk og tilrådingar av konstruktiv art der det er nødvendig.

2 Forny politisk dialog

- Utvide spekteret av diskusjonstema på møte mellom NATO og Ukraina på alle nivå i tilknytning til NATO/Ukraina-kommisjonen, slik at det blir rom for alle område som er skisserte i charteret og arbeidsplanen.
- Forplikte seg til å føre diskusjonar om konkrete politiske og tryggingmessige saker som begge partar er opptekne av, særleg i samband med frosne konflikter (til dømes Transdnjestria).
- Tilby meir jamlege diskusjonar med Ukraina i materielle spørsmål (til dømes gjennom eit regelmessig, saksorientert møteprogram på alle NUC-nivå) for å gjere det praktiske samarbeidet meir målretta og fokusert. Målet er mellom anna auka operativt samarbeid på nøkkelområde (også i operasjon Active Endeavour, ISAF, KFOR og NATO-opplæringsprogrammet i Irak), i tillegg til å intensivere konsultasjonane om rustingskontroll, eksportkontroll og ikkje-spreiing (med sondering av utsiktene for eit ukrainsk bidrag til forsvar mot masseøydeligingsvåpen (WMD)).
- Betre førebuingane til høgnivåmøte ved å bruke den politiske komiteen i NUC-format til dette formålet, og til å utarbeide materielle spørsmålsstillingar.
- Gjere publikum meir klar over den utvida politiske dialogen mellom NATO og Ukraina ved å bruke alle tilgjengelege verktøy innan offentleg diplomati.

3 Ny giv i samarbeidet om reformer i forsvars- og tryggingsektoren

- Utvikle aktivitetar i samanheng med JWGDR-arbeidsplanen for 2005 som kan hjelpe Ukraina i arbeidet med ein fullstendig nasjonal gjennomgang av oppdraga, oppgåvene og funksjonane til alle tryggingstinstitusjonar som NATO samarbeider med.
- Hjelpe til med reformer i etterretningssektoren, i samsvar med euroatlantiske standardar, gjennom auka utveksling av erfaringar og kompetanse mellom Ukraina og NATO-medlemsland; støtte opp om kapasitetsstyrking i dei ukrainske etterretningstenestene i kampen mot terrorisme.
- På det praktiske nivået, styrkje tilgangen på alliert ekspertise (ekspertar frå Internasjonal stab (IS) / Internasjonal militærstab (IMS) og frå nasjonalt hald) til å støtte opp om det presserande arbeidet med å gjennomføre dei ukrainske reformplanane, mellom anna demilitariseringa av nasjonale tryggingstruktur, samtidig som det vert sett i verk ein grunnleggjande gjennomgang av samarbeidet i lys av korleis den nye ukrainske regjeringa definerer dei meir langsiktige behova i landet.
- Hjelpe Ukraina med å utvikle sivilt personell som kan gå inn i nøkkel- og ekspertstillingar i ukrainske tryggingstinstitusjonar, mellom anna den nasjonale trygging- og forsvarsrådet (NSDC).
- Følgje opp konkrete førespurnader om informasjon og konkrete område der ekspertar frå begge sider kan samarbeide, samtidig som det vert utvikla eit breiare program under JWGDR.
- Rådføre seg med alle relevante strukturar i det ukrainske forsvarsministeriet og NSDC for å oppmuntre til brei samordning av reformplanar og for å påvise konkrete behov for ekspertise på forsvarsplanlegging i utarbeidinga av mellomlangsigte program.
- Halde konferansar, arbeidssamlingar og seminar om forsvarspolitik/strategi og forsvarøkonomiske spørsmål med medverknad av ekspertar frå allierte hovudstader for å hjelpe Ukraina til å styrkje evna til politikkformulering og å tilføre sivilsamfunnet auka ekspertise og tilsynskapasitet.
- Styrkje tilhøvet mellom NATO-forsvarshøgskulen (NDC) og det nasjonale ukrainske forsvarsakademiet for å setje sistnemnde betre i stand til å generere nytenking i spørsmål som er viktige for arbeidet med forsvarsreformer.

Dette kan mellom anna gå ut på å auke talet på ukrainske offiserar som deltek i NDC-program.

4 Betre og meir målretta innsats i offentlig diplomati

- I samarbeid med dei ukrainske styresmaktene søkje å rette på negative publikumsoppfatningar av NATO i alle regionar av Ukraina, mellom anna ved å gje ut NATO/Ukraina-publikasjonar på russisk.
- Auke kjennskapen til positive utviklingstrekk i NATO/Ukraina-samarbeidet, mellom anna i forsvarssektoren, og til samarbeidsaktivitetar mellom NATO og Russland i NATO/Russlandrådet (NRC).
- Utvikle, saman med dei ukrainske styresmaktene, ein konkret strategi for offentlig diplomati der ukrainske sivile og militære tenestemenn, parlamentarikarar og ikkje-statlege organisasjonar (NGO) deltek på den eine sida, og NATO-tenestemenn, allierte representantar på høgt nivå og ekspertar på den andre.
- Gjennomføre ein serie seminar for interessert personell i relevante ukrainske ministerium og for medierepresentantar, akademikarar og opinionsskaparar, med sikte på å utvikle større innsikt i NATO-spørsmål blant publikum.
- Bruke NATO-institusjonar som Informasjons- og dokumentasjonssenteret, liaisonkontoret og kontaktambassaden til å få i stand hyppigare og meir synlege besøk til Ukraina av både allierte representantar og IS/IMS, for å medverke til å spreie informasjon og nøkkelbodskapar om NATO.

5 Auka støtte til å takle dei samfunnsøkonomiske følgjene av forsvarsreformer

- På det praktiske nivået auke tilgangen på alliert ekspertise til støtte for den presserande oppgåva med å utarbeide og gjennomføre fristillings-, pensjons- og reetableringsprogram for ukrainske militær- og tryggingstyrkar, særleg i form av:
 - ekspertstøtte til ei evaluering av behov og til utarbeiding av ein omfattande omskolerings- og reetableringsplan,
 - auka praktisk støtte til konkrete omskoleringsprogram i 2005 og 2006, og

- sondering av måtar å løyse dei meir langsiktige omskoleringsbehova i Ukraina på.
 - Yte ekspertråd til det forsvarsrelaterte industrikomplekset i Ukraina for å hjelpe det å tilpasse seg til nye marknadsrealitetar, leggje om til sivil produksjon og bli integrert i det euroatlantiske marknadsmiljøet, mellom anna ved å ta i bruk euroatlantiske standardar i våpeneksportkontrollen.
 - Arbeide for å sikre at det vert skaffa ekstra ressursar til PFP-fondet for destruksjon av overflødig forsvarsmateriell og overflødige handvåpen og lette våpen (SALW), slik at første destruksjonsfasen kan ta til snarast råd. Sondere utsiktene for ytterlegare samarbeid på området sikring og trygging av forsvarsmateriell.
-

Vedlegg 2

Sluttkommuniké, Brussel, 9. juni 2005

Ministermøte i Forsvarsplanleggingskomiteen og Kjernefysisk planleggingsgruppe

1. Forsvarsplanleggingskomiteen og Kjernefysisk planleggingsgruppe var samla til ministermøte den 9. juni 2005.
2. Diskusjonane var konsentrerte om resultatane etter gjennomgangen av nasjonale forsvarsplanar for 2004/5, og i kva grad nasjonane vil oppfylle styrkemåla som vi i fellesskap har avtala. Vi gav òg rettleiing til ei oppdatering av NATO-styrkemåla neste år, og såg fram til å få desse til godkjenning på møtet vi skal ha i juni 2006.
3. Kollektivt held nasjonane fram med å gjere styrkane og kapasitetane sine betre skikka til oppfylle alle aktuelle allianseoppdrag og til å støtte dagens ambisjonsnivå i NATO. Men desse styrkane og kapasitetane er ikkje likeleg fordelte mellom allianselanda, og kvaliteten varierer sterkt: Ikkje alle er eigna eller har rette strukturen til å ta seg av alle typar oppdrag. Vidare skortar det på mange sentrale nettverks- og støttekapasitetar, eller det er berre nokre få nasjonar som har dei. Difor må vi både samla og kvar for oss auke innsatsen for sikre at dei styrkane alliansen treng, er tilgjengelege på nødvendig beredskapsnivå, i tilstrekkeleg tal og med dei evner som skal til for å utføre avtala oppgåver der det måtte vere behov for det.
4. Alliansestyrkar er framleis tungt engasjerte i operasjonar for å tryggje og stabilisere situasjonen på mange ulike krigsskodesplassar. På same tid arbeider vi med å setje NATO-reaksjonsstyrken (NRF) i fullt operativ stand. Krava til styrkane blir ikkje mindre etter kvart, men heller større. Difor må vi prøve å sikre at både NRF og dei styrkane som trengst til operasjonar, er tilgjengelege og i stand til å oppfylle dei oppgåvene dei måtte bli bedne om å ta på seg. Dette er framleis gjennomgangstemaet i den pågåande omforminga av NATO-kapasitetane, noko som talar for at styrkeplanlegginga framleis må fokusere på både kvalitet og kvantitet i deployerbare og uthaldande felles ekspedisjonsstyrkar. Vi stadfester at vi samla og kvar for oss aktar å rette på dei manglane som framleis gjer seg gjeldande på kritiske område.
5. Dei fleste allierte er no i ferd med å utvikle styrkar som er mindre i omfang, men meir effektive og allsidige. For første gong på fleire år ventar over halvparten av nasjonane ein auke i forsvarsløyvingane, og dei fleste andre reknar med at forbruket reelt vil halde seg på minst same nivå som no. Men med aukande driftskostnader er forsvarsbudsjetta i mange tilfelle framleis for små til å dekkje dei behova den gjennomgripande omstruktureringa og moderniseringa inneber. Dei fleste allierte har hatt framgang i arbeidet med å tilpasse styrkestrukturen etter moderne krav, men potensialet for omstrukturering og reinvestering av forsvarsmidlar i robuste, allsidige ekspedisjonsstyrkar er framleis stort.
6. Trass i at det er framgang å spore, gjer manglar på sentrale nettverkskapasitetar og ubalanse mellom deployerbare kamp- og støttestyrkar at mange nasjonar har avgrensa evne til å stille einingar og halde dei ved like i krevjande operasjonar langt borte frå NATO-territorium. Vi oppmoda alle nasjonar til å fornye sitt engasjement for å utvikle dei styrkane og kapasitetane som trengst for å oppfylle operasjons- og omdanningsmåla våre.
7. På det første møtet i Kjernefysisk planleggingsgruppe med nye medlemmer til stades, gjekk vi gjennom status for kjernevåpenstyrkane i NATO og arbeidet til høgnivågruppa, og stadfeste på ny at grunnprinsippa for kjernevåpenpolitikken og styrkeoppsettet i NATO framleis gjeld slik dei er nedfelte i det strategiske konseptet, som stadfester det grunnleggjande politiske formålet med kjernevåpenstyrkane i NATO: å bevare freden og hindre tvang. I denne samanhengen har det lenge vore ei forpliktande målsetjing for alliansen å auke tryggleiken og stabiliteten med eit lågast mogeleg styrkenivå som samtidig tilfredsstillar krava til

- kollektivt forsvar og avskrekking, ei målsetjinga som framleis står ved lag.
8. Dei NATO-forplikta kjernevåpenstyrkane med base i Europa er framleis eit sentralt politisk og militært bindeledd mellom dei europeiske og nordamerikanske medlemmene av alliansen. Vi merkte oss med glede at dei uavhengige britiske kjernevåpenstyrkane framleis medverkar til avskrekking og til den samla tryggleiken for dei allierte, og stadfeste verdien av denne kapasiteten.
 9. Dei NATO-allierte har lenge stått fast på kjernefysisk rustingskontroll, nedrusting og ikkje-spreiing som ein integrert del av tryggingspolitikken. Vi streka under det viktige i å etterleve og styrkje eksisterande multilaterale regime for ikkje-spreiing og eksportkontroll og internasjonale rustingskontroll- og nedrustingsavtalar.
 10. På møtet i Kjernefysisk planleggingsgruppe fokuserte vi på hovudspørsmåla som vart tekne opp under tilsynskonferansen for avtalen om ikkje-spreiing av kjernefysiske våpen (NPT) i New York. Vi stadfeste at vi heilt og fullt er forplikta til NPT og målsetjinga om universell etterleving av avtalen. Vi stadfeste at vi framleis er forplikta til å oppfylle alle våre tilsegner etter avtalen. Vidare understreka vi at vi er forplikta til å forsterke avtalen og å sikre at alle partsstatar fullt ut oppfyller han.
 11. Vi såg positivt på det vedtaket Libya gjorde i desember 2003 om å gje avkall på det hemmelege kjernevåpenprogrammet og å oppfylle sine tilsegner etter NPT, og på framgangen landet seinare har gjort på dette punktet. Vi diskuterte farane ved spreing av kjernevåpen, og sa oss djupt uroa over dei alvorlege utfordringane NPT har stått overfor den seinare tida som følge av at somme statar har brote avtalen, noko som kan ha negative konsekvensar for stabiliteten og tryggleiken på regionalt plan. Vi tek sterkt til orde for at alle nasjonar må samarbeide om å stanse spreinga av kjernevåpen.
 12. Vi stadfeste det viktige i at kjernevåpeneksperter fører materielle og produktive samtalar i regi av NATO/Russland-rådet med sikte på å oppnå større gjensidig forståing og tillit og dermed auka tryggleik. Vi er oppmuntra over framgangen i desse konsultasjonane, og ser fram til aktivt samarbeid for å oppnå ytterlegare framgang i tillitsbygginga. Som eit ledd i dette ser vi fram til meiningsutvekslingar på framtidige møte og til dei planlagde feltdemonstrasjonane i samband med ulike tryggleiksspørsmål i tilknytning til kjernevåpen.
-

Vedlegg 3**Sluttkommuniké, Brussel, 9. juni 2005
Møte i Nordatlantisk råd ved forsvarsministrane**

1. Forsvarsministrane i Nordatlantisk råd møttest den 9. juni 2005.
2. Vi diskuterte dei pågåande operasjonane og oppdraga i NATO, og framgangen i omdanninga av dei militære kapasitetane i organisasjonen.
3. Vi rosar alle mennene og kvinnene som har teke del i NATO-leidde operasjonar, og uttrykker vår medkjensle med familiane til dei som har døydd eller er blitt skadde i tenesta. Vi takkar partnarane våre og andre ikkje-NATO-land som medverkar til operasjonane i alliansen.
4. Arbeidet med å skape fred og stabilitet i Afghanistan har hatt framgang. NATO vil halde fram med å støtte dei afghanske styresmaktene i nær samordning med andre internasjonale organisasjonar. ISAF-utvidinga vestover i landet er snart fullført. To regionale gjenoppbyggingsteam (PRT) er nyleg komne under NATO-kommando, og to nyoppretta PRT følgjer til sommaren. Planlegginga av ei vidare ISAF-utviding sør-over, trinn 3, held fram. Vi gav dei militære styresmaktene i oppgåve å halde fram med den operative planlegginga av støtte til val på nasjonalforsamling og til lokalval, mellom anna i form av mellombels utplassering av ekstrastyrkar; vidare å halde fram med ISAF-utvidinga, å gå grundig gjennom operasjonsplanen og å treffe tiltak for å auke synergien mellom ISAF og operasjon Enduring Freedom (OEF), i samsvar med tryggingrådsmandatet for ISAF. Vi vil vurdere å utvide dagens fellesstrategi for Afghanistan ved å tilby ekstrastøtte til dei afghanske styresmaktene i samsvar med den planlagde prosessen etter Bonn.
5. Vi har ein robust og effektiv styrke i Kosovo gjennom KFOR. Vi ser positivt på den FN-leidde revisjonsprosessen for gjennomføring av standardar, som alt etter utfallet vil kunne føre fram til forhandlingar om ei politisk løysing på den framtidige statusen til Kosovo. Vi er tilfreds med den vellukka og smertefrie overgangen frå SFOR til EU-operasjonen Althea i Bosnia-Hercegovina gjennom Berlin-Pluss-ordningane, og med at det nære samarbeidet mellom dei respektive hovudkvartera våre der held fram. Dette stadfester verdien av nært samarbeid mellom NATO og EU meir generelt. Innanfor dei avtala rammene for strategisk partnerskap mellom NATO og EU vil vi arbeide for å utvikle samarbeidet ytterlegare.
6. Vi forpliktar oss framleis til å hjelpe landa på Vest-Balkan, særleg gjennom støtte til forsvarsreformer, i strevet etter å få innpass i dei euroatlantiske strukturane og å byggje demokratiske, multietniske og fredelege samfunn. Tiltak den seinare tida, mellom anna eit sterkt forbetra samarbeid med Den internasjonale krigsforbrytardomstolen for det tidlegare Jugoslavia (ICTY), kan medverke til framgang på dette punktet. Men så lenge tiltala personar som Ratko Mladic og Radovan Karadzic, men også Ante Gotvina, er på flukt og dermed dreg seg unna straffeansvar, står dette i vegen for nærare integrasjon. Desse landa må framleis samarbeide i eigen region og fremje godt nabo-skap, finne gjensidig akseptable løysingar og komme til semje i uløyste spørsmål.
7. I tråd med tryggingrådsresolusjon 1546 tek alle allierte del i NATO-oppgdraget som skal hjelpe den demokratiske valde regjeringa i Irak med opplæring og utrusting av irakiske tryggingstyrkar for å framskande dagen då regjeringa kan ta på seg det fulle ansvaret for stabiliteten i landet og tryggleiken for innbyggjarane. Vi understrekar at det framleis er behov for tilførsel av styrkar og ressursar for å gjennomføre trinn 2 i opplæringsoppgdraget i Irak, mellom anna gjennom fondsdonasjonar. Vi ser positivt på og støttar den framtidige opprettinga av eit irakisk opplærings-, utdannings- og doktrinesenter i Ar Rustimiyah, som skal vere på plass innan september 2005. Vi støttar Polen i leiinga av den fleirnasjonale divisjonen i det sentrale Sør-Irak.
8. Vi forpliktar oss på ny til operasjon Active Endeavour, NATO-operasjonen for maritim overvaking og eskorte i Middelhavet, som medverkar i kampen mot terrorisme, og vi ser fram til at

- Russland, Ukraina og partnerane i Middelhavsdialogen skal støtte operasjonen.
9. Når det gjeld Darfur, der den humanitære situasjonen enno er svært alvorleg, er vi forplikta til ei snarleg gjennomføring av logistikkstøtte til det oppdraget Den afrikanske unionen utfører i Sudan på områda strategisk utplassering og oppbygging av stabskapasitet, slik Den afrikanske unionen ved formannen, Mr. Konaré, hadde bede om og etter påfølgjande diskusjonar med AU, EU, FN og andre aktuelle partar. Her har NATO forplikta seg til koordinert innsats saman med desse internasjonale organisasjonane, særleg Den europeiske unionen, og bilaterale gjevarar.
 10. Vi minner om at tilstrekkelege styrkar og ressursar må stillast til disposisjon for alliansen i alle desse oppdraga og operasjonane. All erfaring som NATO har gjort i desse krevjande operasjonane, viser at styrkane som blir mønstra, må stå i stil med dei politiske vedtaka alliansen gjer. Når alliansen vedtek å setje i gang ein operasjon, er det viktig å vite på førehand omtrent kor store dei militære behova vil vere og kor store styrkar og ressursar som kan ventast å stå til disposisjon.
 11. Den operative erfaringa NATO har gjort med innsats av militære styrkar i etterkrigs- og stabiliseringsteneste, har klart demonstrert kor viktig det er at NATO samarbeider nært med andre internasjonale organisasjonar og elles andre aktørar, og at dette samarbeidet vert optimalisert.
 12. Vi gjekk gjennom status for dei ulike delane av omdanningsprosessen i alliansen og gav pålegg om vidare arbeid.
 - Vi såg positivt på at det er gjort framgang i arbeidet med dei fullstendige politiske retningslinjene som stats- og regjeringssjefane bad om i Istanbul i fjor. Som støtte for det strategiske konseptet vil desse utgjere ei ramme og peike ut ei klar politisk retning, og vil leggje fast prioriteringane for den vidare omdanninga av NATO og for alle kapasitetsspørsmål, planleggingsdisiplinar og etterretningsspørsmål i alliansen. Vi ser fram til at arbeidet skal vere fullført innan utgangen av året.
 - Realiseringa av NATO-reaksjonsstyrken (NRF), som er i rute til å vere fullt operativ neste år, er ein imponerande prestasjon. Denne høgeffektive og deployerbare styrken vil vere i stand til å utføre alle oppdrag som er avtala i det fullstendige NRF-konseptet. NRF tener òg som katalysator for omdanninga av alliansestyrkane.
- I samband med toppmøtet i fjor lanserte vi eit initiativ som skulle gjere styrkane våre meir allsidige, og som sette politiske mål for kor stor del av kvar nasjons bakkestyrkar som skal vere oppbygde, førebudde og utstyrte for deployerte operasjonar (40 %), og kor stor del som skal vere engasjerte i eller disponerte for langvarige operasjonar til kvar tid (8 %). Arbeidet som er gjort som svar på dette initiativet, har illustrert behovet for allsidige styrkar og vist at arbeidet med å oppfylle måla på dette punktet har vore eit viktig insitament på nasjonalt plan for kapasitetsforbetringar, meir langsiktig operativ planlegging og omstrukturering av nasjonale styrkar for å gjere dei meir mobile. Vi gav Det permanente rådet i oppdrag å arbeide vidare med dette og å rapportere til oss neste gong vi møtest formelt.
 - Kapasitetstilsegnene frå Praha (PCC) har ført til nokre kapasitetsforbetringar, men det skortar enno på visse kritiske område, særleg støtte til deployerte styrkar. Vi gav pålegg om at Det faste rådet, før vi møtest formelt neste gong våren 2006, skulle utarbeide ei evaluering av resultatata av PCC og tilrå oppfølgingsordningar.
 - Vi gledde oss over oppnådd framgang og oppmuntra til vidare arbeid i utviklinga av kapasitetar som er viktige for allianseoperasjonane, mellom anna:
 - vern av deployerte NATO-styrkar mot angrep med ballistiske kortdistanseraketar,
 - fullføring av forstudien til eit missilforsvar,
 - fullføring av ein risikoreduksjonsstudie til støtte for ein bakkeovervåkingskapasitet i alliansen,
 - initiativ som enkeltland har sett i gang den siste tida for å utvikle ny teknologi til bruk i forsvar mot terrorisme,
 - vidareutvikling av konseptta for kjemisk, biologisk, radiologisk og kjernefysisk forsvar utover tradisjonelle truslar for å møte dei nye truslane som gjer seg gjeldande,
 - pågåande arbeid med NATO-konsept for nettverksbaserte kapasitetar (*Network Enabled Capabilities*) som eit potensielt hjelpemiddel til kommando, kontroll, konsultasjon og informasjonsovertak.
 - Vi er framleis forplikta til eit ope samarbeid med Den europeiske unionen, også om forbetring av militære kapasitetar.
 - Vi såg positivt på framgangen i tilpassinga av kostnadsdelinga i dei samfinansierte NATO-budsjetta. Vi erkjenner at dette berre er ein del av ein større byrdefordelingsprosess i allian-

sen, som òg treng ein gjennomgang. Vi ser fram til at tilrådingar i begge desse sakene skal bli lagde fram for rådet innan utgangen av juli i år.

13. Vi støttar reforminitiativet frå generalsekretæren, som tek føre seg arbeidsmåtane og saksbehandlinga i NATO-hovudkvarteret og som samtidig skal respektere konsensusprinsippet.

Vedlegg 4

Fråsegn, Brussel, 9. juni 2005 **Møte i NATO/Russland-rådet på forsvarsministernivå**

1. Som forsvarsministrar i NATO/Russland-rådet møttest vi i Brussel 9. juni 2005. Vi gledde oss over oppnådd framgang i forsvars- og militærspørsmål i NRC-samanheng, ein framgang som har medverka til tryggleik og stabilitet i det euroatlantiske området. Vi er fast bestemte på å byggje vidare på desse resultatane, og vil vidareutvikle det praktiske samarbeidet oss imellom og evna til å reagere på stadig fleire nye truslar og utfordringar.
2. I denne samanhengen såg vi positivt på at Russland underteikna styrkestatusavtalen for Partnerskap for fred den 21. april 2005. Når avtalen trer i kraft, blir det betre høve til å få i stand konkret, praktisk samarbeid mellom NATO og Russland, og evna til å arbeide og handle i fellesskap blir styrkt.
3. Vi sa oss på ny fast bestemte på å styrkje samarbeidet oss imellom for å hindre terrorisme, slå tilbake terroristverksemd og handtere følgjene av terrorhandlingar. Med dette som mål vil vi arbeide mot full gjennomføring av NRC-handlingsplanen mot terrorisme, som vi vart einige om i desember 2004. Vi merkte oss statusrapporten om militært samarbeid i kampen mot terrorisme, og såg positivt på vidare innsats på dette området, mellom anna gjennom øvingar og opplæring. Vi ser fram til NRC-konferansen om erfaringar frå terrorangrep i seinare tid, som skal haldast i slutten av juni.
4. Vi gjekk gjennom planar og førebuingar til russisk støtte til NATO-operasjonen Active Endeavour i Middelhavet, som har til mål å avskrekke, stanse og verne mot terrorisme. Vi såg positivt på utviklinga av eit omfattande opplæringsprogram der russiske fartøy vil nytte alle høve til samarbeid i 2005.
5. Vi utveksla synspunkt på aktuelle internasjonale tryggingsspørsmål, og gjekk gjennom situasjonen på Balkan, i Afghanistan og i Irak. Vi diskuterte òg saker som gjeld tryggleik og stabilitet i Sentral-Asia, mellom anna Usbekistan.
6. Vi slutta oss til den politisk-militære rettleinga for auka interoperabilitet mellom styrkar frå Russland og NATO-land, som saman med ei snarleg gjennomføring av styrkestatusavtalen vil leggje tilhøva til rette for auka interoperabilitet mellom styrkane våre. Vi gledde oss over framgangen i det fagmilitære samarbeidet, særleg gjennomføringa av arbeidsplanen for militærrepresentantane i NRC for 2005 og vidare, medrekna lista over aktivitetar i samband med det avtala rammeprogrammet for interoperabilitet, og såg positivt på at den 15. motoriserte riflebrigaden og andre militæreiningar deltek i dette programmet, ettersom desse vil kunne ha ei rolle å spele i framtidige operasjonar.
7. Vi diskuterte samarbeidet om forsvarsreform og utveksla synspunkt på vegen vidare. Vi såg positivt på framgangen som er oppnådd i gjennomføringa av arbeidsprogrammet for 2005 på områda forsvarsreform og utvikling av militærvesenet, forvaltning av menneskelege og økonomiske ressursar, handtering av konsekvensane ved forsvarsreformer og reformer i forsvarsindustrien, særleg aktivitetane i tilknytning til makroøkonomiske, finansielle og budsjettmessige spørsmål, innsatsen på området språkleg interoperabilitet og terminologi, vidareføringa av stipendprogrammet til NATO-forsvarsakademiet for 2005/06 og utviklinga av eit Moskva-basert forsvarsreformkurs for offiserar i det russiske forsvarsministeriet og utvidinga av aktivitetane ved det felles omskoleringssenteret i Moskva når det gjeld omskolering av dimittert militærpersonell.
8. Vi gjekk gjennom framgangen i logistikksamarbeidet, og ser fram til at avtalar mellom NATO og Russland om konkrete sider av dette samarbeidet snart skal bli fullførte.
9. Vi såg positivt på den vellukka fullføringa av fase I i forstudien til samarbeidsinitiativet for luftrom (CAI) om gjensidig utveksling av sivile og militære trafikkdata, og oppmuntra til vidareføring av dette viktige prosjektet i samsvar med tilrådingane og arbeidsprogrammet som er vi har slutta oss til, som eit bidrag til å sikre den sivile luftfarten betre mot terroristtruslar.

10. Vi merkte oss framgangen som er oppnådd i samarbeidet om missilforsvar i operasjonsområde (TMD) med sikte på å finne praktiske løysingar for felles forsvar mot kortdistansemissil i ein krisereaksjonsoperasjon. Særleg såg vi positivt på den vellukka gjennomføringa av den andre kommandopostøvinga for TMD i NRC-regi som Nederland var vertskap for i mars 2005, og det russiske tilbudet om å halde den neste kommandopostøvinga i andre halvår 2006. Vi ser at det felles arbeidet vårt vil vere viktig når nasjonane, individuelt og kollektivt, skal vurdere vegen vidare i utviklinga av TMD.
 11. Vi merkte oss framgangen i den pågåande fellesinnsatsen for å utvide og styrkje samarbeidet om å evaluere og reagere på truslar som følgjer med spreining av masseøydeleggingsvåpen (WMD) og leveringsmiddel for slike våpen. Vi ser fram til resultata av ekspertdrøftingar om moglege konkrete, praktiske samarbeidsoppgåver innan vern mot kjernefysiske, biologiske og kjemiske stoff.
 12. Vi stadfeste at det er viktig å skape større gjensidig forståing og auka tillit og tryggleik i kjernevåpenspørsmål, og såg positivt på framgangen som er oppnådd i det praktiske samarbeidet på dette området. Vi ser fram til seminaret om kjernefysisk doktrine og strategi som skal haldast i Tyskland i juli 2005, og til at NRC skal ha ei observatørrolle under øvinga i reaksjon på kjernefysiske ulykker som Storbritannia skal vere vertskap for i september 2005.
-

Vedlegg 5

Fråsegn, Brussel, 9. juni 2005

Møte i NATO/Ukraina-kommisjonen ved forsvarsministrane

1. Vi, forsvarsministrane i NATO/Ukraina-kommisjonen, møttest i Brussel 9. juni. Vi diskuterte framgangen Ukraina har gjort i gjennomføringa av reformer i forsvars- og tryggingssektoren, og likeins det direkte bidraget Ukraina yter til tryggleik og stabilitet i det euroatlantiske området gjennom si støtte til NATO-leidde operasjonar. Vi er fast bestemte på arbeide saman, på grunnlag av den omfattande samarbeidsinnsatsen vi har gjort til i dag, for å styrkje demokratiske institusjonar, fremje respekten for felles euroatlantiske verdiar og få i stand vidtfemnande reformer i heile forsvars- og tryggingssektoren. Vi forpliktar oss til dette for å støtte Ukraina i det vidare arbeidet med å nå reformmålsetjingane og å bli integrert i dei euroatlantiske strukturane.
2. Vi sa oss svært nøgde med at det er sett i gang «ein intensivert dialog (ID) om Ukrainas ambisjonar om medlemskap og relevante reformer, utan føringar for eit framtidig alliansevedtak». Vi stadfeste òg at vi er forplikta til å gjennomføre tiltakspakken for auka samarbeid som vart annonsert på møtet mellom utanriksministrane i NUC i Vilnius. Vi understreka samrøystes det kritisk viktige i reformer i forsvars- og tryggingssektoren, som må vere i samsvar med NATO/Ukraina-handlingsplanen og ta omsyn til vedtaket om å setje i gang ein intensivert dialog, og var samde om å intensivere det praktiske samarbeidet til støtte for gjennomføringa av det ambisiøse reformprogrammet i Ukraina.
3. Vi såg positivt på at det ukrainske forsvarsministeriet har forplikta seg til å halde fram med djuptgripande forsvarsreformar, mellom anna gjennom utarbeidinga av «Det statlege utviklingsprogrammet for dei væpna styrkane i Ukraina fram til 2011». Vi ser behovet for effektive reformer i forsvarssektoren i Ukraina, men streka samtidig under at det er viktig å setje reformene i tryggingssektoren inn i ein vidare samanheng og å sikre at alle nødvendige reformer kviler på tilstrekkelege ressursar.
4. Vi gjekk gjennom samarbeidsprogrammet for 2005-2006, og stadfeste at den felles arbeidsgruppa for forsvarsreform (JWGDR) som er oppretta mellom NATO og Ukraina, framleis vil vere ein avgjerande mekanisme for samarbeidet oss imellom, også til støtte for forsvars- og tryggingssektorrelaterte sider ved den intensiverte dialogen. I samband med dette var vi samde om å bruke gruppa til å ta opp ei rekkje prioriterte spørsmål, mellom anna om personell, institusjonsbygging, sivil og demokratisk kontroll og styring, og likeins planar, ressursar og gjennomføring. Vi var òg samde om å arbeide saman for å hjelpe Ukraina med å utføre ein omfattande nasjonal gjennomgang av tryggingssektoren for å få til systematiske endringar i alle ukrainske tryggingssstrukturar og -mekanismar i samsvar med euroatlantiske standardar. Med sikte på dette skal Ukraina føre vidtfemnande samtalar og samråd med NATO der relevante ekspertar og tenestemenn òg skal delta. Vi var dessutan samde om å halde fram med å hjelpe Ukraina å utvikle eit nasjonalt forsvarsplanleggingsystem og å arbeide vidare for å styrkje synergien mellom initiativ frå NATO-hald og frå ukrainsk side, mellom anna ved å arbeide for harmonisering av det bilaterale samarbeidet mellom Ukraina og individuelle allianseland.
5. Vi stadfeste at det framleis er viktig å handtere konsekvensane av reformer i forsvars- og tryggingssektoren i Ukraina, og sa oss nøgde med at det er etablert eit prosjekt gjennom PFP-fondet med sikte på forsvarleg destruksjon av overskotslager av forsvarsmateriell, handvåpen, lette våpen og berbare luftforsvarssystem (MANPADS), og merkte oss at prosjektet var inne i ein siste førebuande fase før iverksetjing. Vi minte òg om at vi står fast på å utvide og differensiere omskoleringsprogrammet for dimittert militærpersonell. Vi vil dessutan halde fram med å drøfte forbetringar i den ukrainske eksportkontrollen.

6. Vi tok for oss den sterke ukrainske deltakinga i NATO-leidde operasjonar. Vi verdsette Ukrainas praktiske bidrag til fred og stabilitet, mellom anna det aktive engasjementet på Balkan. Vi såg òg positivt på at ei noteveksling vart underteikna i Vilnius om støtte til NATO-operasjonen Active Endeavour, som skal vere med på å avskrekke, stanse og forsvare mot terrorisme gjennom maritime operasjonar i Middelhavet, og var samde om å arbeide for ei snarleg gjennomføring av det ukrainske bidraget. Vidare såg vi positivt på at den ukrainske regjeringa nyleg har gjort vedtak om å vurdere korleis landet kan medverke til NATO-innsatsen for å støtte opplæringa av tryggingstyrkar i Irak, og at dei ukrainske styresmaktene er villige til å vurdere å hjelpe NATO i arbeidet med å yte logistikkstøtte til Den afrikanske unionen, som er i ferd med å utvide oppdraget sitt i Darfur.
 7. Vi merkte oss òg at forsvarsministeren i Litauen under møtet inviterte oss til å vere til stades under høgnivåkonsultasjonane for forsvarsministrane i NATO og Ukraina for 2005, som skal heldast i Vilnius 28. oktober.
-

Vedlegg 6**Oppsummering ved formannen etter møtet mellom forsvarsministrane i Euroatlantisk partnerskapsråd, Brussel, 10, juni 2005**

1. Forsvarsministrane frå medlemslanda i Euroatlantisk partnerskapsråd (EAPC) møttest i Brussel i dag.
 2. Ministrane diskuterte korleis politikken og programma i partnerskapen kan komme til å bli påverka av NATO-omforminga, som tek sikte på tilpasse strukturane, prosedyrane og kapasitetane i NATO til utfordringane i det 21. hundreåret og å sikre at alliansen effektivt kan ta seg av sine noverande og framtidige oppgåver.
 3. Ministrane gjentok si støtte til utvikling av samarbeid med sikte på vidareutvikling av effektive og demokratisk ansvarlege forsvarsinstitusjonar. Dei såg positivt på interessa som partnerane har vist for dei individuelle partnerskapshandlingsplanane som eit middel til å stette konkrete behov hos individuelle partnerar. Ministrane la òg vekt på verdien av partnerskapshandlingsplanen for institusjonsbygging i forsvaret når det gjeld å lette utvekslinga av erfaringar mellom allianselanda og partnerane. Dei streka under at utdanning, retta både mot sivile og militære leiarar, har ei avgjerande rolle i å fremje reformer i partnerskapen og i forsvaret.
 4. Ministrane gjentok at planleggings- og revisjonsprosessen for PFP og konseptet for operativ kapasitet er viktige for å utvikle operativ effektivitet og interoperabilitet med allianselanda. Forsvarsministrane frå allianselanda og deltakande partnerland slutta seg til ministerrettleiinga for planleggings- og revisjonsprosessen.
 5. Ministrane diskuterte partnerskapens rolle i noverande og mogelege framtidige operasjonar. Dei minte om at partnerar og allierte, på grunnlag av dei operative kapasitetane og mekanismane som er utvikla innanfor partnerskapsrammene, har samarbeidd svært godt i dei NATO-leidde operasjonane på Balkan og i Afghanistan. Dei streka under at dette velukka og effektive samarbeidet burde vidareførast ved å utnytte dei eksisterande partnerskapsverktøya til fulle.
 6. Ministrane minte om at allianselanda og partnerane er forplikta til å stå saman mot terrorisme, slik det er uttrykt i partnerskapshandlingsplanen mot terrorisme, og diskuterte den framtidige rolla til partnerskapen i kampen mot terrorisme og andre asymmetriske truslar. Ministrane uttrykte støtte til operasjon Active Endeavour, og såg positivt på alliansevedtaka som opnar for at partnerane kan bidra til operasjonen.
 7. Ministrane utveksla synspunkt på aktuelle spørsmål om internasjonal tryggleik og stabilitet, mellom anna i Sentral-Asia, særleg Usbekistan. Ministrane såg positivt på framangen hittil i initiativa om partnerskap som vart lanserte på NATO- og EAPC-toppmøta i Praha i 2002 og Istanbul i 2004, særleg om fokusending og fornying i partnerskapen. Dei streka under det viktige i at desse vert gjennomførte fullt ut. Dei la vekt på behovet for å arbeide energisk vidare med å sikre at partnerskapen fullt ut er tilpassa til å reagere på behova i den nye tryggingspolitiske situasjonen.
-

Vedlegg 7

Sluttkommuniké, Brussel, 8. desember 2005

Ministermøte i Nordatlantisk råd i NATO-hovudkvarteret

1. Fellesforsvaret vårt er tufta på NATO. Organisasjonen er uttrykket for den vitale partnerskapen mellom Europa og Nord-Amerika, og er det sentrale forumet for transatlantisk samråd om trygging utfordringane vi står overfor i det nye hundreåret. Alliansen er grunnlagd på prinsippa demokrati, fridom for enkeltmennesket og rettsstatleg styre, som er nedfelte i Washingtontraktaten, og er tru mot formåla og prinsippa som ligg til grunn for FN-pakta. Utvida politisk dialog er nøkkelen til å løyse dei trygging utfordringane alliansemedlemmene står overfor i dag. NATO er i endring, det moderniserer sine militære evner for å tilfredsstillere nye operative behov, det fremjar stabilitet og felles verdiar gjennom partnerskap med andre og det styrkjer samarbeidet med andre organisasjonar.
2. På møtet i dag diskuterte vi politiske og operative sider ved pågåande NATO-operasjonar og NATO-opppdrag som er med på å tryggje og gjenopprette freden, og vi vurderte utviklinga på Vest-Balkan og i Midtausten. Vi diskuterte korleis vi kan sikre at NATO har tilgang til dei kapasitetane som trengst for å reagere på felles truslar og utfordringar frå alle hald. NATO-reaksjonsstyrken er ein katalysator for å fokusere og forbetre dei militære kapasitetane til alliansen. Vi gav òg pålegg om vidare arbeid fram mot NATO-toppmøtet i Riga neste sommar, der stats- og regjeringssjefane våre skal gjere opp status i den pågåande politiske og militære omforminga av alliansen og stake ut den vidare kursen.
3. Vi er forplikta til ei vellukka vidareføring av alle delar av den NATO-leidde internasjonale tryggingstyrken (ISAF) under FN-mandat, og er i dag blitt samde å løfte NATO-innsatsen til støtte for fred og tryggleik i Afghanistan opp på eit nytt nivå. Vi har slutta oss til den operative planen som gjev rom for ytterlegare utviding av ISAF. Regionale gjenreisningsteam dannar fortroppane i NATO-innsatsen, støtta av militære styrkar med evne til å handtere tryggingstruslar der ISAF opererer, og forsterka av fleksible, robuste reservestyrkar når situasjonen i felten krev det. I medhald av operasjonsplanen for ISAF skal styrken:
 - hjelpe den afghanske regjeringa til å oppnå større autoritet
 - utføre stabiliserings- og tryggingsoverasjonar i sitt ansvarsområde etter samordning med nasjonale afghanske tryggingstyrkar
 - rettleie og støtte den nasjonale afghanske hæren i arbeidet for auka kapasitet og rekkevidde
 - støtte den afghanske regjeringa i program for avvæpning av ulovleg væpna grupper
 - drive og sikre Kabul internasjonale lufthamn
 - hjelpe det nasjonale afghanske politiet med nisseopplæring og i å samhandle med den nasjonale afghanske hæren
 - råde og støtte den afghanske regjeringa i grensetryggingstrategi
 - støtte den afghanske regjeringa i antinarkotikainnsatsen
 - hjelpe med andre nøkkelement i reformene av tryggingsektoren, i nært samarbeid med leiarnasjonar i G8.
4. I tillegg til den avtala NATO-interneringspolitikken for ISAF, som er og vil vere i samsvar med folkeretten, ser vi positivt på initiativ frå allierte om å støtte dei afghanske styresmaktene i gjennomføringa av internasjonale standardar for internering av fangar.
4. For å utfylle det operative nærværet har vi, som svar på oppmodinga frå president Karzai om eit breitt og langsiktig forhold til NATO, avtala å utvikle eit afghansk samarbeidsprogram i nært samråd med dei afghanske styresmaktene med det mål å komme til semje om nøkkelementa i programmet innan London-konferansen om Afghanistan neste månad. Programmet vil vere konsentrert om aktivitetar som skal støtte dei afghanske styresmaktene i arbeidet med forsvarsreformer, institusjonsbygging i forsvaret og dei militære sidene ved reformer i tryg-

- gingssektoren, og vil dra vekslar på utvalde PFP-instrument og aktivitetar, skreddarsydde for å oppfylle dei konkrete behova i Afghanistan. På grunnlag av det vellukka parlamentsvalet nyleg, og fullføringa av Bonn-prosessen, vil vi halde fram med å yte sterk støtte til den afghanske regjeringa. NATO vil spele ei aktiv rolle på London-konferansen, og vi er vidare forplikta til å samarbeide med regjeringa i Afghanistan og andre internasjonale organisasjonar om å byggje eit fredeleg, stabilt og demokratisk Afghanistan.
5. Vi støttar fullt ut forhandlingane om den framtidige statusen til Kosovo, under leiing av den spesielle FN-utsendingen, Martti Ahtisaari, og oppmodar alle partar til å gå konstruktivt inn i desse samtalanene. Parallelt med dette må gruppene og dei regionale sjølvstyreinstusjonane i Kosovo halde fram med å nærme seg dei standardane som er avtala på internasjonalt hald. NATO vil oppretthalde eit robust militært nærvær i Kosovo, og vil framleis vere engasjert politisk, også gjennom deltaking i den utvida kontaktgruppa.
 6. Vi gler oss over vedtakinga av grunnlova, og ser fram til å samarbeide med den nye regjeringa i Irak etter parlamentsvalet seinare denne månaden. Vi står samla i vår støtte til det irakiske folket og til stabilitet, demokratisk utvikling, einenskap og territorial integritet for Republikken Irak, i tråd med relevante resolusjonar i Tryggingrådet. Det irakiske fellesstabsakademiet, som nyleg vart opna i Ar-Rustamiyak med støtte frå NATO, er ein klar demonstrasjon på at vi engasjerer oss, og det same er bidraga frå NATO-medlemsland i og utanfor Irak. NATO-oppgdraget for opplæring av irakiske tryggingstyrkar vil utvikle seg vidare med sikte på å tilby opplæringskurs for underoffiserar og eit offisersgrunnkurs, så langt midlane og evnene tillet det, på bakgrunn av behov, synsmåtar og oppmodingar frå den irakiske regjeringa.
 7. Vi fordømmer sterkt alle utslag av terrorisme, same kva motiv som ligg bak, og vil stå saman i kampen mot terrorismen så lenge det trengst. Innsatsen for å slå tilbake terrorismen skal også heretter vere i samsvar med folkeretten, mellom anna FN-pakta og andre relevante internasjonale konvensjonar og protokollar. Operasjon Active Endeavour, den maritime overvåkings- og eskorteoperasjonen NATO driv i Middelhavet, viser at vi står fast på dette. Vi ser fram til at Russland, Ukraina og partnarane i Middelhavsdialogen skal stille med bidrag, og ser positivt på at Georgia har sagt seg interessert i å støtte operasjonen. Vi er framleis opne for å vurdere tilbod om støtte frå interesserte land frå sak til sak.
 8. Som svar på ei oppmoding frå regjeringa i Pakistan etter jordskjelvet i oktober, er vi i gang med å yte presserande humanitær hjelp i nær samordning med andre internasjonale organisasjonar, både i form av lufttransport og ved å aktivere NATO-reaksjonsstyrken og å utplassere eit spesialtilpassa sett av element til å utføre ein hjelpeoperasjon. Vi har ytt logistikkstøtte til Den afrikanske unionen på områda strategisk deployering og personellmessig kapasitetsbygging under oppdraget i Sudan, og er i ferd med å etterkomme ytterlegare oppmodingar frå Den afrikanske unionen når det gjeld mannskapsrotering og kapasitetsbygging på personellsida.
 9. Utfordringane i dag krev forbetra samarbeid mellom internasjonale organisasjonar. I alle våre operasjonar og oppdrag aktar vi å halde fram med praktisk samarbeid med dei aktuelle internasjonale aktørane. Vi er fast bestemte på å utdjupe og vidareutvikle samarbeidet mellom NATO og FN og å gje meir substans til dei avtala rammene for den strategiske partnerskapen mellom alliansen og Den europeiske unionen.
 10. Å styrkje relasjonane med partnarane er framleis eit viktig mål for NATO. Vi ser positivt på den interessa kontaktland har vist for NATO-aktivitetane. Vi er bestemte på å gjere Euroatlantisk partnerskapsråd og Partnerskap for fred til meir effektive, verdibaserte ordningar for å styrkje internasjonal stabilitet, utvide interoperabiliteten og samarbeidet mellom allierte og partnarar og å fremje demokratiske verdiar og reformer. Vi ser positivt på at mange land har reagert på dei nye tilboda om nærare samarbeid med NATO gjennom Middelhavsdialogen og samarbeidsinitiativet frå Istanbul, og strekar under at det er viktige aktivitetar som går føre seg innanfor desse ordningane. Vi aktar å sjå til at dei ulike partnerskapsinstrumenta våre også heretter tener til å nå partnerskapsmåla, og er nøgde med at partnarane nyttar seg av desse verktøya i aukande grad. Vi ser positivt på bidraga til operasjonane våre får partnarar, kontaktland og andre nasjonar.
 11. Vi stadfester at vi aktar å bruke NATO/Russland-rådet (NRC) fullt ut som forum for å styrkje den politiske dialogen og det praktiske samarbeidet med Russland i pakt med Roma-erklæringa frå 2002. Vi ser fram til ei snarleg russisk ratifisering av styrkestatusavtalen for PFP, eit

- tiltak som vil gje rom for endå meir substansielt samarbeid oss imellom. Vi er tilfreds med den hittil vellukka gjennomføringa av handlingsplanen mot terrorisme som er avtala mellom NATO og Russland, og med framgangen som har vore på fleire praktiske samarbeidsområde. Vi ser positivt på det NRC-lanserte pilotprosjektet for antinarkotikaopplæring for afghansk og sentralasiatisk personell.
12. Vi ser positivt på den innsatsen Ukraina har gjort i det siste for å styrkje dei demokratiske institusjonane og reformere forsvars- og tryggingssektoren i landet. Vi seier oss per i dag nøgde med dei felles drøftingane av denne reforminnsatsen som vart haldne etter at den intensiverte dialogen vart igangsett. Vi oppmuntrar Ukraina til å halde fram med å bidra til regional stabilitet. Vi strekar under at føresetnaden for at Ukraina skal kunne nærme seg sine euroatlantiske integrasjonsmålsetjingar, mellom anna eventuell deltaking i handlingsplanen for medlemskap, først og fremst er at landet må gjere konkret, målbar framgang i gjennomføringa av avgjerande reformer og politikk og at det vert halde frie val til Verkhovna Rada i mars 2006.
 13. Vi er forplikta til å arbeide for at alle land på Vest-Balkan skal bli integrerte i dei euroatlantiske strukturane, og gler oss over dei positive tendensane i regionen. Desse landa må halde fram med å utdjupe det regionale samarbeidet og fremje gode nabotilhøve seg imellom, og finne gjensidig akseptable løysingar på og komme til semje om uløyste spørsmål. Dei må ta eige ansvar for reformprosessen og byggje opp varige, multietniske demokrati, slå ned på organisert kriminalitet, korrupsjon og menneskehandel og tryggje rettsstaten.
 14. Vi ser positivt på at forsvarsreformene i Bosnia-Hercegovina held fram, med støtte frå NATO-hovudkvarteret i Sarajevo, og på at det i Serbia og Montenegro er ratifisert ein avtale om kommunikasjonslinjer med NATO som banar veg for djupare samarbeid om forsvarsreformer. Vi er framleis forplikta til å arbeide for at begge landa skal bli med i PFP-programmet så snart dei har oppfylt dei fastsette vilkåra. Det er framleis heilt avgjerande at alle aktuelle land samarbeider fullt ut med Den internasjonale krigsforbrytardomstolen for det tidlegare Jugoslavia (ICTY), særleg ved å medverke til at alle som er tiltala av domstolen, først og fremst Radovan Karadžić og Ratko Mladić, vert stilte for retten.
 15. Vi stadfester at NATO held døra open for nye medlemmer, samtidig som vi understrekar at nye invitasjonar til aspirantland vil vere avhengige av dei resultatane landa oppnår. Vi rosar Albania, Kroatia og den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia¹ for framgangen dei har gjort etter handlingsplanen for medlemskap. Vi merkjer oss at Kroatia no samarbeider betre med ICTY, slik førstadvokaten ved ICTY påpeikar i ei fersk evaluering, og oppmodar sterkt om at Kroatia må oppspore, pågripe og utlevere den etterlyste Ante Gotovina til ICTY i Haag. Vi oppmodar Albania, Kroatia og den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia til å halde fram med dei reformene som er nødvendige for å kunne bli NATO-medlemmer. Vi oppmuntrar også andre partnarland som har uttrykt medlemskapsambisjonar til å gjere full bruk av partnarskapsinstrumenta.
 16. Vi seier oss på ny forplikta til CFE-avtalen som hjørnestein for tryggleiken i Europa, og vil arbeide for at den tilpassa avtalen snarast skal tre i kraft slik at nye statar kan tiltre. Vi minner om at oppfylting av dei uinnfridde Istanbul-tilsegnene om Republikken Georgia og Republikken Moldova vil leggje til rette for at allierte og andre partsstatar kan komme vidare med ratifiseringa av den tilpassa CFE-avtalen. I samband med dette gler vi oss over den viktige framgangen Russland og Georgia har oppnådd med fellesfråsegna av 30. mai 2005 om spørsmål i samband med tilbaketrekking av russiske styrkar, og ser fram til at uteståande spørsmål skal bli løyste. Derimot merkjer vi oss at det ikkje har vore framgang i tilbaketrekkinga av russiske militærstyrkar frå Republikken Moldova, og ber Russland ta opp att og fullføre tilbaketrekkinga snarast råd.
 17. Dei transatlantiske banda er framleis like forpliktande. Alliansen står som det sentrale forumet for tryggingsskulasjonar mellom Europa og Nord-Amerika, og som det effektive verktøyet for dei allierte i arbeidet med å skape fred og stabilitet no og i framtida. NATO-omforminga er i rute. Møtet i dag har staka ut ein grei kurs fram mot NATO-toppmøtet i Riga i november neste år.

¹ Tyrkia godkjenner Republikken Makedonia med det konstitusjonelle namnet.

Vedlegg 8

Fellesfråsegn, Brussel, 8. desember 2005 NATO/Ukraina-kommisjonen på utanriksministernivå

Utanriksministrane i NATO/Ukraina-kommisjonen møttest i Brussel i dag, og understreka kor viktig den distinkte partnerskapen mellom NATO og Ukraina er for tryggleiken og stabiliteten i heile det euroatlantiske området. Dei diskuterte òg utsiktene for framtidig utvikling av tilhøvet seg imellom, i samband med den intensiverte dialogen om dei ukrainske ambisjonane om NATO-medlemskap og relevante reformer, som skal vere utan føringar for ei eventuell framtidig avgjerd i alliansen.

Ministrane sa seg på ny forplikta til å arbeide for at operasjonane og oppdraga til NATO skal bli vellukka, mellom anna ISAF i Afghanistan, KFOR i Kosovo og Operasjon Active Endeavour i Middelhavet, og merkte seg med glede at Ukraina aktivt støttar desse oppdraga. Dei tok til orde for ytterlegare intensivering av slikt operativt samarbeid, og var samde om å sondere utsiktene for ukrainske bidrag til NATO-opplæringsoppdraget i Irak (NTM-I) og til den logistikkstøtta alliansen yter overfor Den afrikanske unionen i Darfur. Dei sa seg glade for dei ukrainske bidraga til regional tryggleik.

Vidare såg ministrane positivt på framgangen som var oppnådd i 2005 i utviklinga av praktiske NATO/Ukraina-prosjekt med sikte på å støtte Ukrainas nasjonale trygging- og forsvarsbehov, mellom anna lanseringa av PFP-fond til hjelp med å destruere farlege overskotslager av forsvarsmateriell og med omskolering og reetablering av overflødig militærpersonell. Dei såg òg positivt på at det under høgnivåkonsultasjonane mellom NATO og Ukraina i Vilnius nyleg vart lansert eit prosjekt som skal hjelpe til med opplæring av sivilt

personell som skal gjere teneste i ukrainske forsvars- og tryggingstrukturar.

Dei allierte ministrane gjentok at NATO held døra open for europeiske demokrati med vilje og evne til å ta på seg det ansvaret medlemskap medfører, i samsvar med artikkel 10 i Washingtontraktaten. Samtidig streka dei under at føresetnaden for at Ukraina skal kunne nærme seg målsetjingane om euroatlantisk integrasjon, eventuelt med deltaking i programmet for medlemskapshandlingsplanar, først og fremst er konkret, målbar framgang i gjennomføringa av sentrale reformer og politikkområde.

Innanfor ramma av den intensiverte dialogen som vart sett i gang tidlegare i år, gjekk ministrane gjennom framgangen som er oppnådd i 2005 når det gjeld å styrkje dei demokratiske institusjonane i Ukraina og å gjennomføre reformer i forsvars- og tryggingsektoren i landet. I denne samanhengen såg dei særleg positivt på at regjeringa i Ukraina er villig til å gjennomføre ein fullstendig gjennomgang av tryggingsektoren i landet. Dei såg fram til gjennomføringa av frie val, mellom anna til Verkhovna Rada i mars 2006, som viktige høve for Ukraina til å vise at reformene er av permanent art. Dei oppmuntra til ytterlegare reformer i rettsvesen og forvaltning, mellom anna i kampen mot korrupsjon. Vidare oppmuntra dei Ukraina til å halde fram med å medverke til den regionale tryggleiken. Endeleg merkte dei seg arbeidet som er i gang for å utvikle ein ambisiøs årleg målplan for 2006, og såg fram til at denne snarast skulle bli vedteken og sett i verk i god tid og på ein handfast måte. Ministrane var samde om å halde framgangen i Ukraina under oppsyn. Ministrane i allianselanda vil framleis hjelpe Ukraina med å nå reformmåla.

Vedlegg 9**Oppsummering ved formannen etter møtet mellom
utanriksministrane i Euroatlantisk partnerskapsråd,
Brussel, 8. desember 2005**

1. Utanriksministrane og representantane for medlemslanda i Euroatlantisk partnerskapsråd (EAPC) møttest i Brussel i dag. Diskusjonane var konsentrerte om verdiane som ligg til grunn for den euroatlantiske partnerskapen, og om Afghanistan og Kosovo.
2. Ministrane diskuterte fellesverdiane si rolle i den euroatlantiske partnerskapen, slik dei kjem til uttrykk i rammedokumentet for PFP og i grunnlagsdokumentet for EAPC. Dei minte om at desse verdiane er relevante for partnerskapen også i dag, og streka under behovet for å fremje respekten for dei i heile det euroatlantiske området. Dei meinte at diskusjonen burde halde fram innanfor EAPC om korleis ein best kan sikre at den politiske dialogen og det praktiske samarbeidet innanfor partnerskapsrammene reflekterer og støttar opp om desse fellesverdiane.
3. Når det gjeld Afghanistan, såg ministrane med glede på dei positive utviklingstrekk i landet, mellom anna parlaments- og lokalvala. Dei merkte seg den viktige rolla NATO og partnerane våre spelar i Afghanistan, og såg positivt på den vedvarande ISAF-utvidinga. Dei diskuterte òg rolla til NATO i prosessen etter Bonn, og gledde seg over alliansevedtaket om å utvikle eit afghansk samarbeidsprogram; dette som svar på oppmodinga frå president Karzai om eit breitt og langsiktig tilhøve til NATO og i nært samråd med dei afghanske styresmaktene. Ministrane såg fram til London-konferansen og lova vidare støtte til den innsatsen verdsamfunnet gjer for å hjelpe den afghanske regjeringa.
4. Med omsyn til Kosovo uttrykte ministrane støtte til tryggingrådsvedtaket om å setje i gang statusamtalar om Kosovo, og såg positivt på utpeikinga av Martti Ahtisaarsi som FN's spesialutsending til å leie den politiske prosessen. Dei streka under at gjennomføringa av standardar i Kosovo må halde fram med uminska styrke og auka engasjement. Dei streka òg under behovet for eit robust KFOR-nærvær også i tida framover, og la vekt på at bidraga frå partnerane er verdifulle og viktige for denne operasjonen.
5. Ministrane diskuterte dessutan framgangen i gjennomføringa av vedtaka frå Istanbul-toppmøtet om den euroatlantiske partnerskapen, og merkte seg rapporten frå formannen i denne saka. Særleg såg dei positivt på utviklinga av samarbeid med land i Kaukasus og Sentral-Asia, og oppmuntra til vidare framgang i gjennomføringa av program med sikte på å fremje reformer i forsvaret og politiske og institusjonelle reformer i vidare forstand.

Vedlegg 10**Fråsegn, Brussel, 8. desember 2005
Møte i NATO/Russland-rådet på utanriksministernivå**

Som utanriksministrarar i NATO/Russland-rådet møttest vi i Brussel 8. desember 2005. Vi gledde oss over den vesentlege framgangen som er oppnådd siste året i arbeidet med å utvikle og forsterke den politiske dialogen og det praktiske samarbeidet, mellom anna gjennom utviklinga av felles posisjonar og initiativ, i pakt med Roma-erklæringa frå 2002.

På grunnlag av dei politiske konsultasjonane som vart haldne i 2005 om situasjonen i Afghanistan, på Balkan, i Midtausten, i Georgia og i Sentral-Asia, utveksla vi synspunkt på aktuelle internasjonale tryggingsspørsmål, mellom anna den siste utviklinga i Kosovo og Afghanistan.

Vi stadfeste at vi står fast på å intensivere innsatsen i 2006, og tok for oss framgangen i gjennomføringa av NATO/Russland-handlingsplanen om terrorisme, mellom anna førebuingane til deltaking av russiske marinestyrkar i operasjon Active Endeavour i Middelhavet, med sikte på å hjelpe til med å avskrekke, stanse og verne mot terrorisme. Vi såg positivt på resultatane av konferansen om «Lærdommar etter terroråtak i seinare tid: bygging av nasjonale kapasitetar og institusjonar», som vart halden i Ljubljana i Slovenia i juni-juli 2005. Vi merkte oss med glede at Russland har underteikna styrkestatusavtalen for PFP, noko som vil danne eit juridisk grunnlag for auka praktisk og operativt samarbeid, og såg fram til ei snarleg ratifisering av avtalen. Vi godkjende eit ambisiøst arbeidsprogram for dei kommande åra, bygd på dette og andre oppnådde resultat, og understreka at vi er forplikta til å gjere publikum betre kjent med måla, prinsippa og aktivitetane til NRC.

Vi stadfeste vår støtte til internasjonal innsats for å fremje tryggleik og stabilitet i og rundt Afghanistan. I så måte uttrykte vi uro over truslane som følgjer med narkotikatrafikken, mellom anna finansiering av terrorisme, og vart i dag samde om å setje i gang eit NRC-pilotprosjekt om antinarkotikaopplæring for aghansk og sentralasiatisk personell. Vi ventar at denne felles NATO/Russland-innsatsen vil bli eit konkret og meningsfylt tilskot til

den internasjonale innsatsen for å motarbeide truslane ved narkotikatrafikk.

Vi understreka behovet for å samarbeide på konkrete måtar for å betre tryggleiken for innbyggjarane våre og for alle i det euroatlantiske området. Vi merkte oss med glede at fase I av forstudien til eit samarbeidsinitiativ om luftrom er fullført med positivt utfall, og at dette vil setje oss betre i stand til å samarbeide om forvaltning, tryggleik og innsyn når det gjeld luftrom. Vi såg fram til den tredje TMD-kommandopostøvinga i NRC-regi, som Russland skal vere vertskap for i 2006, på grunnlag av vellukka øvingar i både USA og Nederland. Vi gledde oss over framgangen i samarbeidet om sivil kriseplanlegging, og såg fram til ei NRC-øving i konsekvenshandtering som skal haldast av Italia hausten 2006. Vi gledde oss over den pågåande NRC-dialogen om spreieing av masseødeleggingsvåpen (WMD), og streka under behovet for ytterlegare styrking av denne typen dialog. Vi merkte oss framgangen i arbeidet med å kartleggje mogelege område for praktisk samarbeid om vern mot kjernefysiske, biologiske og kjemiske materiale og stoff, og såg fram til vidare arbeid på dette feltet i 2006.

Vi gledde oss over framgangen i NRC-samarbeidet om forsvarsreformer, og merkte oss særleg at forsvarsministrane i NRC i juni 2005 slutta seg til ei politisk-militær rettleiing for auka interoperabilitet mellom styrkar frå Russland og NATO-land. Vi var òg nøgde med at forsvarsstabsjefane i NRC har vedteke ein ambisiøs arbeidsplan for 2006 og påfølgjande år som skal tene som rettesnor for det framtidige fagmilitære samarbeidet. Vi merkte oss med glede dei konkrete resultatane av felles opplæring og øvingar på område som samband og søk og berging til sjøs, og såg fram til vidare innsats. Vi noterte òg med glede den vellukka gjennomføringa av eit NRC-seminar om kjernefysisk doktrine og strategi i Tyskland i juli 2005, og at NRC hadde delteke som observatør under ei øving i reaksjonar på kjernefysiske ulykker, Senator 2005, som Storbritannia var vertskap for i september 2005.

Med omsyn til traktaten om konvensjonelle væpna styrkar i Europa (CFE) stadfesta vi, i samsvare med fellesprinsippet om den udelelege tryggleiken, den haldninga som kjem til uttrykk i fråsegna vår av 9. desember 2004. Vi såg positivt på framgangen den seinare tida i retning av å oppfylle tilsegnene i sluttakta frå konferansen mellom partsstatane i CFE-avtalen i 1999, og tok sterkt til orde for snarleg innsats for å oppfylle resterande tilsegner. I denne samanhengen var vi einige om å arbeide for at alle partsstatar må ratifisere avtalen om tilpassing av CFE-avtalen, og at denne må ta til å gjelde. Vi såg fram til den føreståande tredje tilsynskonferansen for CFE-avtalen.

Samstundes som vi merkte oss den gode framgangen dei siste tre og eit halvt åra på dei samarbeidsområda som vart utpeika av stats- og regjeringssjefane i Pratica di Mare, innsåg vi avslutningsvis behovet for å søkje djupare samarbeid innanfor NRC-rammene. I samband med dette gav vi NRC-ambassadørane i oppdrag å ta utgangspunkt i gjennomføringa av NATO/Russland-samarbeidet hittil for så å leggje fram på vårt neste møte forslag til prioriteringar i den vidare utviklinga av den nye kvaliteten i tilhøvet mellom NATO og Russland som Roma-erklæringa ser føre seg.

Offentlige etatar kan tinge fleire eksemplar frå:
Servicesenteret for departementa
Kopi- og distribusjonsservice
www.publikasjoner.dep.no
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Telefaks: 22 24 27 86

Opplysningar om abonnement, laussal og pris får ein hos:
Akademika AS
Avdeling for offentlege publikasjonar
Postboks 84 Blindern
0314 OSLO
E-post: offpubl@akademika.no
Telefon: 22 18 81 00
Telefaks: 22 18 81 01
Grønt nummer: 800 80 960

Publikasjonen finst på Internett:
www.odin.dep.no

Omslagsbilde: NATO photo

Trykk: Lobo Media AS - 5/2006

